



Rapportering pr. 2.tertial 2019

Innhald

1. Innleiing	3
2. Økonomi	4
2.1 Budsjettkjema 1A (Frie inntekter / Finansinntekter-/utgifter)	4
2.2 Budsjettkjema 1B (driftsrammer)	6
2.3 Budsjettkjema 2A og 2B - Prosjektramme(Investeringsprosjekt)	10
2.4 Rapport – Finansforvaltning	11
3. Handlingsdelen	12
Levereglar for Nissedal kommune	12
3.1 Sentral leiing	13
3.2 Fellestenesta	16
3.3 Andre stabsfunksjonar	17
3.3.1 Ikt	17
3.3.2 Næring	18
3.4 Interkommunalt plankontor	20
3.5 Nav	22
3.6. Andre Interkommunale samarbeid	24
3.6.1 Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid	24
3.6.2 Kommunerevisjonen og kontrollutvalssekretariatet	25
3.6.3 Renovasjon	25
3.6.4 Vest-Telemark brannvernsamarbeid	26
3.7 Eining for skule	27
3.8 Eining for barnehage	33
3.9 Eining for kultur	36
3.10 Eining for helse og habilitering	44
3.11 Eining for omsorg	47
3.12 Eining for teknisk drift	52

1. Innleiing

Tertialrapport er både ei tilbakemelding på mål/tiltak som er sett opp i vedteke handlingsprogram og ein gjennomgang av økonomisk status pr. utgangen av august/byrjinga av september. I høve til økonomigjennomgangen er det vektlagt å sjå om dei føresetnadene ein la til grunn i desember då budsjettet blei vedteke, og som blei korrigert/justert i 1. tertial, framleis er rette og gjere prognosar for framskriving av inntekter/utgifter ut år. All rapportering på dagleg drift og enkelttiltak i høve til gjeldande handlingsprogram, er skiven med raudbrun skrift.

Budsjettet for 2019 blei vedteke med bruk av fond på 1,4 mill. I k-sak 5/19 blei det vedteke å auke bruken av fond med kr 335.000, knyt til ekstra integreringstilskot som kom i 2018 og inngjekk i mindreforbruket for 2018. I 1. tertial blei det vedteke å auke bruken av fond med 2,3 mill. Før denne gjennomgangen er budsjettet balansert ved bruk av fondsmidlar på 4,1 mill. Ved denne gjennomgangen er det behov for å auke bruken av fond med nær 5 mill. Dette gir at ein nå vil bruke 9,1 mill. av fond i driftsbudsjettet for 2019. Dette bygger opp under det biletet som vedteke økonomiplan synte, at kommunen går inn/er inne i utfordrande økonomiske tider. Noko av fondsbruken kan forsvaraast/forklarast med det ein kan kalle "eingongsutgifter" og ikkje ordinære driftsutgifter. Men mykje av bakgrunnen til fondsbruken er driftsutgifter som vil vere med i budsjetta framover og som er med på gje store utfordringar når budsjettet for 2020 skal utarbeidast i balanse. Dersom tertialkontrollen blir vedteke slik den er lagt fram vil det gje at felles buffer er redusert til 5,8 mill. ved utgangen av 2019. Når ein veit at budsjettet for 2020 vil vere svært problematisk å få i balanse, er det svært urovekkande at økonomiske reserver blir redusert så kraftig som det som har skjedd i løpet av dette driftsåret.

Ved denne gjennomgangen har ein valgt å skilje ut statusgjennomgang av investeringsprosjekt i eiga sak, som blir lagt fram parallelt til tertialkontrollen.

Det siste året har det vore store utskiftingar i leiarstillingar i kommunen 4 av 6 einingsleiarstillingar vore utlyst siste året. I august byrja einingsleiar skule i stillinga og ein har då fått på plass personell i alle einingsleiarstillingane.

Frå 01.01.19 blei felles NAV-kontor med Kviteseid etablert, med kontorplass i Kviteseid. Erfaring så langt er at dette fungerer bra.

Sjukefråvær ved utgangen av 1. halvår var 5,26%. Dette er ein liten oppgang i høve til 1.halvår 2018 på 0,1%. Variasjonen i sjukefråvær er stor frå kultur med 2,5% til plankontoret som har 16,3%. Fråværet totalt i kommunen fordeler seg med 3,72% på langtidsfråvær og 1,54% på korttidsfråvær. Det bør særskilt nemnas sjukefråværet i eining for helse/habilitering (4,56%) og eining for omsorg (4,58%). Dette er særslig lågt fråværsprosent for desse sektorane.

Folketal pr. 01.07.19 i kommunen var 1.476 personar. Dette er ein reduksjon på 16 personar frå 01.07.19 (-1,1%). Folketal 01.07. er sentral i høve til kva kommunen får av statlege overføringer komande år. Ein nedgang på 1,1% 01.07. er dermed negativt i høve til budsjett for 2020. Så langt i 2019 har nedgangen vore på 8 personar. Denne nedgangen skuldast fødselesunderskot på 4, netto utflytting på 6 og netto innvandring på 2.

2. Økonomi

2.1 Budsjettskjema 1A (Frie inntekter / Finansinntekter-/utgifter)

Skatt på inntekt og formue

I budsjett for 2019 var vekst i skatteinngang sett til 5,6% (i høve til budsjettet skatteinngang i 2018). I 1. tertial la ein til grunn at det var grunnlag for å auke skatteinngangen med kr 550.000. Når ein ser perioden t.o.m. september så har veksten avtatt og er nå 3,7% (jf. reell skatteinngang i 2019 kontra same periode i 2018). Ved å legge til grunn same vekst resten av året, så må anslaget på skatteinngang reduserast med kr 1.460.000 til 37,2 mill.

Naturressursskatten fylgjer ikkje same vekst som øvrige skatteinntekter. Her oppretthaldast anslaget i høve til skatteinngang i 2018. I 1. tertial blei denne sett til kr 7.245.000. Dette anslaget oppretthaldast.

Rammetilskot

På bakgrunn av inntektsutjamninga, som er samanhengen mellom skatt og rammetilskot, så går rammetilskot opp med kr 842.000 på bakgrunn av nedgangen i skatteinntekter. Dette jf. prognose oppdatert i høve til revidert nasjonalbudsjett.

Eigedomsskatt

I 1. tertial blei anslaget på skatt frå hus/hytter auka med kr 260.000 til 6,1 mill. Då ein laga prognose for 1. tertial blei det dverre ikkje teke omsyn til at fleire betalar eigedomsskatt for heile året i 1 termin. Av den grunn blei anslaget for høgt og ein må redusere anslaget att med kr 230.000.

Det er gjennomført ny takst av linenett for kraft, på bakgrunn av dom frå høgsterett som tok opp prinsipp for fastsettjing av eigedomskattegrunnlaget for linenett. Utfallet her gir at anslaget for eigedomsskatt på næringsbygg/anlegg må ned med kr 210.000. Bortfallet av det som er omtala som «maskinskatt» er og medverkande til at denne posten går ned.

Integreringstilskot

I 1. tertial blei post for integreringstilskot auka med kr 2.285.000. Bakgrunn for dette var i hovudsak tilslagn om ekstratilskot (1 og 2) på fleire av flyktningane som er busett. Ved gjennomgang av dette før 1.- tertial blei det dverre ikkje teke omsyn til at ekstratilskot 1 for 4 flyktningar ($4 \times 186.000 = 744.000$) var inntektsført i 2018-rekneskapen. Det blei og teke omsyn til 1 familiegjenforening. Denne veit ein nå vil ikkje skje før i 2020. (Utgjer kr 190.000). Dette er hovudforklaringsa på at post for integreringstilskotet integreringstilskot blir redusert med kr 1.015.000. Det er overført integreringstilskot kr 63.000 frå ein anna kommune, i samband med flytting. Det var i 1. tertial lagt til grunn at dette var ord. integreringstilskot, men dette er overføring frå anna kommune. «Netto» av dette er nedgang av inntekter på kr 952.000.

Renteinntekter og –utgifter

I opphavleg budsjett var det det lagt til grunn eit rentenivå på 1,95%. Etter melding om renteendringar i februar, april og september er rentenivå samla for 2019 berekna til 2,14%. Det er då lagt til grunn at rentenivået blir liggande på 2,4% ut året. På bakgrunn av likviditetssituasjonen måtte eit lån på 46 mill. takast opp på eit tidlegare tidspunkt enn budsjettet la opp til. Desse to momenta er bakgrunn for at renteutgiftene aukar med kr 720.000. Total lånegjeld utgjer nå 232 mill. Auke i renteutgifter gir seg utslag (med motsett forteikn) på sjølvskostområde på den delen av gjelda som gjeld sjølvkost.

Utbyte frå selskap

I opphavleg budsjett var det lagt til grunn at utbyte frå VTK skulle bli 1,1 mill. Jf. vedtak i generalforsamlinga i juni kan dette høgna med kr 250.000 til 1,35 mill.

Avsetning/bruk fond

I opphavleg budsjett for 2019 var det lagt opp til bruk av disposisjonsfond (felles buffer) på kr 1.400.000. I k-sak 5/19 blei dette auka med kr 335.000 til kr 1.735.000. I 1. tertial blei bruk av fond auka med nye kr 2.353.000 til 4.088.000 Nå vert det tilrådd auka bruk av fond med kr 4.999.000 til kr 9.087.000.

Oppsummering

Samla sett gjev dette behov for auke i driftsrammene til einingane med kr 2.519.000 til Kr 133.713.000

Budsjett-justering Budsjettkjema 1A – Driftsbudsjettet

Tall i 1000 kroner	Gjeldande budsjett 2019	Budsjett-endring 2019	Nytt gjeldande budsjett 2019
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER			
Skatt på inntekter og formue 1)	-38 715	1 460	-37 255
Ordinært rammetilskot 1)	-65 550	-842	-66 392
Skatt på eigedom	-13 557	440	-13 117
Andre direkte eller indirekte skattar 2)	-8 679	0	-8 679
Overføring frå andre kommunar	0	-63	-63
Andre generelle statstilskot 3)	-11 059	1 015	-10 044
Sum frie disponible inntekter	-137 560	2 010	-135 550
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER			
Renteinntekter og utbytte 4)	-2 044	-250	-2 294
Gevinst finansielle instrument	0	0	0
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	3 561	720	4 281
Tap finansielle instrument	0	0	0
Avdrag på lån	8 937	0	8 937
Netto finansinntekter/-utgifter	10 454	470	10 924
AVSETNINGAR OG BRUK AV AVSETNINGAR			
Til dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0
Til ubundne avsetninger	4 491	0	4 491
Til bundne avsetninger 5)	0	0	0
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	-4 491	0	-4 491
Bruk av ubundne avsetninger	-4 088	-4 999	-9 087
Bruk av bundne avsetninger 6)	0	0	0
Netto avsetningar	-4 088	-4 999	-9 087
FORDELING			
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0
Til fordeling drift	-131 194	-2 519	-133 713
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	131 194	2 519	133 713
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0

2.2 Budsjettkjema 1B (driftsrammer)

Innspel til endringar på dei ulike rammeområda er gått gjennom og vurdert. Det visast her til vurderingar under kvart rammeområde og dei kommentarane som kjem fram under kvart rammeområde i tabellen under. Tilrådde endringar summert opp i tabell under.

Felles (01)

Auke av konsesjonskraftinntektene	-kr 84.000
Utgifter advokat – tomtesal	kr 38.000
Administrasjonskostnader – renovasjon	kr 30.000
Lønspott – for lite avsett	kr 690.0000
Sum endringar:	Kr 674.000

I 1. tertial blei konsesjonskraftinntektene auka med omlag 20%, som utgjorde 1,1 mill. Dette bygde på eit grovt anslag. Jf. estimat for konsesjonskraftinntektene pr. september, så er det grunnlag for å auke anslaget med ytterligare kr 84.000.

I samband med sak om tilbakekjøp av grunn, har kommunen fått utgifter til advokat, som det ikkje er dekning for i budsjettet. Dette utgjer kr 38.000.

Sidan kommunen overtok oppgåva med fakturering av renovasjonsgebyr frå IATA, har vi dekt inn kr 30.000 til administrative kostnader. Etter at Nome og Drangedal og kom i gang med fakturering av renovasjonsutgifter, har det vore ein dialog kommunane i mellom for å sjå om ein kunne finne ei felles tilnærming til korleis ein skal berekne administrasjonsutgifter for fakturering av renovasjonsgebyr. Dette har ein ikkje lukkas med, og ein vil frå 2020 legge dette på renovasjonsgebyret i kvar kommune. Utgiftene for 2019 vil dermed bli del av eit fremførbart underskot. Men ein manglar då budsjettdekning for denne summen i 2019.

Ved årets sentrale lønsoppgjør blei det, i tillegg til ordinære lønstillegg, innført nye minstelønssatsar. Dette gjorde til at fleire grupper av tilsette fekk til dels stort lønstillegg. Det blei i tillegg under lønsoppgjaret i 2018 gjort endringar av nivå på tillegg for dei som går i turnus. Dette er med på å forklare at avsett lønspott «sprakk» med kr 690.000.

Eining for skule (03):

Overlapping . einingsleiar	Kr 70.000
Deltaking – MOT-programmet	Kr 67.000
Auke skyssutgifter elevtransport	Kr 100.000
Sum endringar:	Kr 237.000

For å sikre ein best mogleg oppstart for ny einingsleiar, blei det lagt opp til ein overlappingsperiode på 2 mnd. mellom konstituert einingsleiar og ny einingsleiar. Dette var ikkje teke høgde for i budsjettet og hadde ein kostnad på kr 70.000.

På bakgrunn av signal gitt i budsjettmøte desember 2018, har skulen fått klarering av ordførar til å delta i eit program som skal styrke ungdommen i å ta eigne, kloke val i høve til rusmidlar, livsmeistring og mobbing/venskap. Kostnad for hausten 2019 er kr 67.000.

Skyssutgiftene for skuleborn aukar. Dette er dels årsaka av auke i elevtalet og dels at elever får skuleskyss på bakgrunn av kommunale vedtak om farleg skuleveg. Auke av kostnad kr 100.000.

Eining for barnehage (05):

Ingen endringar	0
Sum endringar:	0

Eininga har ved omprioriteringar funne inndekning for ulike behov som har oppstått etter 1. tertial. Innspel om ressurs til rettleiar av lærar/barnehagelærar bør vurderast i samband med budsjett og ikkje innførast som del av tertialgjennomgangen. Det same gjeld innspel om å få ein skiljevegg på SFO på Felle.

Eining for kultur (06):

Laurdagsope ungdomsklubb – haust 2019	Kr 33.000
Korreksjon av introduksjonsløn	Kr 327.000
Sum endringar:	Kr 360.000

I 1. tertial blei det løyva midlar til laurdagsope ungdomsklubb. Dette var sett i gang som eit «strakstiltak» i høve til utfordringa kring aukande alkoholbruk og festkultur blant ungdom. Dette jf. signal gitt i budsjettmøte i desember 2018. På bakgrunn av drøftingar i politiråd i september blei det bestemt å vidareføre dette også i haust. Dette til ein kostnad av kr 33.000.

Ein deltarar introduksjonsprogrammet flytta til kommunen etter at budsjettet var vedteke. I tillegg er det og nokre andre mindre føresetnader som har endra seg. Dette gjer til at denne posten må styrkast med kr 327.000.

Midlar til kulturkveld legg ein til grunn finnast innafor ramme til eininga.

Eining for helse og habillitering (07):

Meirutgifter legevakt /KØH-plassar	Kr 250.000
Kostnader «Topp-tur prosjekt» (ikkje budsjettert)	Kr 60.000
Vakanse legekontor – (permisjon u/løn)	-kr 310.000
Sum endringar:	0

Kostnaden ved deltaking i legevaktssamarbeidet har i år auka kraftig. Det har vore nokre utfordringar i høve til dialogen mellom kommunen og legevaktssamarbeidet. Av den grunn kom denne veksten i utgifter ganske overraskande på kommune. På bakgrunn av dialog ein har hatt i etterkant av mottak av faktura for 2019, har ein nå fått avklart korleis kommunikasjonen mellom kommunen og legevaka skal skje. Meirutgifta på kr 250.000 (der størstedelen er knyt til legevakt) må ein nok berre godta, sjølv om den kanskje var dårlig kommunisert ut til kommunen.

Prosjekt Topp-tur er veldig populært. Og når deltakinga aukar, så aukar kostnaden. I budsjett for 2019 var det ikkje avsett midlar til dette prosjektet og det er i år heller ikkje funne eksterne midlar til dette prosjektet. Utgift kr 60.000, i hovudsak til T-skjorter.

Ein av kommunelegane har hatt permisjon i 33% av stillinga si store delar av året. Det er ikkje leigd inn vikar. Dette har då gitt ei innsparing på omlag kr 310.000 på lønsbudsjettet.

Eining for omsorg (08):

Forskotering av sjukepengar	Kr 650.000
Ekstra kostnader ved etablering av nattevaktsteam kring ein brukar	Kr 135.000
Auke i matutgifter	Kr 80.000
Sum endringar:	Kr 865.000

Budsjettet til eininga har gjennom fleire år vore bygd opp ved at ein har lagt inn sjukepengar som ein del av finansieringa av drifta. Når sjukefråværet går ned, slik det har gjort i år, blir handlingsrommet redusert i høve til å gjere vurderingar kring behovet for vikar ved sjukefråvær. I første halvår er talet på sjukefråvær ned på 4,5%. Dette er svært lågt til å vere innan omsorgssektoren. Men oppstår paradokset at ei slik positiv utvikling på sjukefråværet gir behov for å styrke budsjettramma.

I 1. tertial blei det innarbeidd 1,2 mill. til etablering av nattevaktsteam kring ein brukar. Behovet for vikarbyrå ved oppstarten av tilbodet syntet seg å vere noko større enn det ein la til grunn i 1. tertial. I tillegg måtte tilbodet styrkas noko i høve til det ein la til grunn under planlegging av dette tilbodet. Totalt gir dette ein auke i utgifter på kr 135.000.

Utgiftene til mat har auka sterkare enn ordinær prisstigning dei siste åra. Dette har gjort til at matbudsjettet på omsorgssenteret er blitt underbudsjettet. Det er behov for å styrke dette med kr 80.000.

I høve til tilleggsløyving til utbetring av grovkjøkken blir dette ikkje teke omsyn til nå. Dette jf. tilbakemelding frå teknisk om kapasitetsutfordringar. Avsett ressurs (under teknisk) blir tilrådd trekt inn og dette blir å vurdere i samband med budsjett 2020.

Eining for teknisk drift (09):

Bortfall av husleige	Kr 140.000
Rehabilitering aldersbustad Framnes (eks.mva)	Kr 300.000
Drenering/asfaltering Oddane aldersbustad (eks.mva)	Kr 130.000
Rullestolrampe – utleigebustad Kåsa/Solli	Kr 50.000
Eigenandel forsikringsskade – utleigebustad Larstun	Kr 50.000
Utbetringar Fjonesundet kafe – el. anlegg/tak	Kr 150.000
Lydisolering – kontor 2. etg. Kommunehuset (eks.mva.)	Kr 55.000
Etterarbeid/vask – forsikringsoppgjer lokstall	Kr 60.000
Utbetring grasmatte – Treungen idrettsbane (eks.mva)	Kr 45.000
Ny moppemaskin – reinhald (eks.mva.)	Kr 35.000
Pålegg om program for off. anskaffelser (eks.mva.)	Kr 40.000
Trekt inn sum avsett til grovkjøkkenet på NOS	-kr 80.000
Sum endringar:	Kr 975.000

2 leilegheiter (Oddane – kjellaretasje) har stått tome etter ein vasskade i 2018. Alt av veggar/golv er reve ut. Men sjølv om det er drenert på nytt rundt bygget, er det likevel svært fuktig/vått i underetasjen. Ein er derfor usikker på kva ein skal gjere. Men det er uansett tap av husleige her. I tillegg har ein bustad til i Framnes ikkje blitt leigd ut siste halvår pga. stort behov for rehabilitering og ein bustad i Larstun vil og vere ute av drift pga. ein vasslekkasje. (ca. 4 mnd..) I sum utgjer dette tapte leigeinntekter på omlag kr 140.000.

Ein aldersbustad har så stort behov for oppussing. Tilstanden er slik at ein ikkje kan leige denne ut før det er gjort eit større arbeid her. Dette er berekna til kr 300.000 eks. mva. Det er behov for bustaden og dersom ein vel å ikkje pusse denne opp, vil det seie at den må stå tomt/unytta, som vil seie tap av leigeinntekter på omlag kr 60.000 i året.

Vasskaden på Oddane blei ikkje ein forsikringssak, då dette blei rekna for å vere årsaka av ein konstruksjonsfeil. Drenering og reperasjon av asfalt (og evt. gjennoppbygging) må derfor kommunen koste sjølv. Utgifter til drenering/ny asfalt er påløpt og kom på kr 130.000.

I prøvebustad i Kåsa/Solli blei det ikkje bygd rullestolrampe då denne blei oppført. Nye utleigebustader skal vere universelt utforma og det bør/må derfor byggast nå. Særlig på bakgrunn av at det nå bur ein rullestolbrukar i bustaden. Utgjer kr 50.000.

Eit vassrør i ein utleigebustad i Larstun har sprukke. Dette førte til store skader i bustaden og dette er registrert som ein forsikringsskade. Eigenandel forsikring utgjer kr 50.000.

På Fjonesundet kafé var det eit prekært behov for utbetringar av el.anlegget og fikse taket. Dette er gjennomført til ein kostnad av kr 150.000.

På tre kontor i 2. etasje i kommunehuset er det gjennomført lydisolering av 3 kontor. Dette til ein kostnad av kr 55.000.

I etterkant av forsikringsoppgjeret på taksskade på lokstallen var avklart/godtatt blei det klart at kostnad til reingjering/opprydding blei kr 60.000, meir enn kva ein la til grunn då forsikringsoppgjeret blei gjort opp/godtatt.

Det har påløpt ekstrakostnader i samband med utbetring av grasmatta på idrettsbanen i Treungen og etablering av ny kunstgrasbane på kr 45.000.

Ein av moppevaskemaskinene har måtte kasserast og ny kosta kr 35.000. Det vert vurdert som heilt uaktuelt å klare seg utan ei slik maskin og ny er kjøpt inn.

Det er kome nye krav i høve til dokumentasjon ved anbod, som gjer til at alle kommunar må ha eit eige program til å handtere dette. Dette til ein kostnad av kr 40.000.

Det blei i budsjettet avsett kr 80.000 til utbetring av grovkjøkkenet på NOS. Dette synte seg i ettertid at løyvinga ikkje var tilstrekkelig. I tillegg har eininga ikkje kapasitet til å gjennomføre dette prosjektet. Løyvinga vert derfor trekt attende og blir å vurdere i samband med budsjett 2020. Innspillet om ny søppelbod på Tveit skule (kr 55.000) og nytt dekke på vegen til Z-museum (kr 32.000) blir og tilrådd å ikkje løyve midlar til nå, men å vurdere i samband med budsjett 2020.

Plankontoret (10):

Ingen endringar	0
Sum endringar:	0

Ymse prosjekt (11):

Ingen endringar	0
Sum endringar:	0

Sjølvkost (12):

Endring av ramme pga. auke i kalk. renter og avskrivningar.	-kr 592.000
Sum endringar:	-kr 592.000

På bakgrunn av auke i rentenivået og høgare avskrivningsgrunnlag, enn lagt til grunn i budsjettføresetnadene, så vert ramma redusert med kr 592.000.

NAV (13):

Ingen endringar	0
Sum endringar:	0

Ved framskriving av økonomisk sosialhjelp ut året er det grunn til å tru at dette vert omlag kring avsett sum i budsjettet.

Næring (14):

Tilskuddsportalen	Kr 26.000
Førebuing av prosjekt: Nyskapande vekst i Nissedal «Næringsfiskar»	Kr 20.000
Sum endringar:	Kr 46.000

Det er teikna abonnement på Tilskuddsportalen. Dette for å betre kunne få oversikt/innsikt i ulike ordningar for eksterne tilskot (jf. handlingsprogrammet).

Prosjektet Nyskapande vekst i Nissedal startar i 2020. Men det kjem nokre utgifter allereie i år, knyt til førebuing av dette prosjektet, m.a. annonsering ved stillingsutlysing.

Budsjettkjema 1B

Budsjett-endring - driftsbudsjettet pr. rammeområde

Tall i 1000 kroner	Gjeldande budsjett 2019	Endring budsjett 2019	Nytt gjeldande budsjett 2019
Netto driftsutgifter pr EININGS- STRUKTUR			
Felles	13 630	674	14 304
Sentrale inntekter, renter og avdrag	0	0	0
Eining for skule	28 438	237	28 675
Eining for barnehage	17 812	0	17 812
Eining for kultur	6 669	360	7 029
Eining for helse og habillitering	26 350	0	26 350
Eining for omsorg	27 569	865	28 434
Eining for teknisk drift	12 218	975	13 193
Interkommunalt plankontor	550	0	550
Ymse prosjekt	100	0	100
Sjølvkost - vatn og kloakk	-5 965	-592	-6 557
Nav Nissedal	3 493	0	3 493
Næring og reiseliv	330	0	330
Netto for EININGS-STRUKTUR	131 194	2 519	133 713

2.3 Budsjettkjema 2A og 2B - Prosjektramme(Investeringsprosjekt)

Ved denne gjennomgangen blir det lagt fram eige sak kring status på investeringsprosjekt.

2.4 Rapport - Finansforvaltning

Det er i 2019 gjennomført to låneopptak til finansiering av investeringar. I juni blei det teke opp eit lån i Kommunalbanken på 23,3 mill. som gjaldt fullføring av investeringsprosjekt frå 2018-budsjettet. I september blei det teke opp eit lån på 46 mill. som gjaldt finansiering av investeringsprosjekt i 2019-budsjettet.

Rapportering for passiva:

	01.09.2019		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente	166,1	2,4	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	232,4		
Effektiv rente	Ikkje berekna		
Tal på løpende enkeltlån	11		
Største enkeltlån	73,4 mill. i Kommunalbanken		

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	01.09.2019		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	66,2	%	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsliktig likv.	0		
Avkastning			
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.	Ikkje aktuelt		
Største tidsinnskot			

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Alle lån siste 5 år er tatt opp med 30 års avdragstid. Dette for å få betre samsvar med avskrivningstida på VA-anlegg. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansregelment opp til ei særslig risikoeksponering.

Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

3. Handlingsdelen

Visjon for Nissedal kommune NISSEDAL VIDARE.....

Hovudmål for Nissedal kommune:

- Nissedal kommune, ein kommune med folketal i vekst i alle delar av kommunen
- Nissedal kommune har god plass for alle og er eit trygt lokalsamfunn
- Kommunen driv eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv, til nytte og glede for fastbuande, hytteturistar og andre
- Kommunen legg dei lokale folkehelseutfordringane til grunn for planar, førebyggjande tiltak og tidleg innsats på alle område
- Aktivt kulturarbeid gir trivsel og identitet
- Innbyggjarane i Nissedal er stolte av kommunen sin
- Nissedal kommune legg krav til universell utforming til grunn ved all planlegging
- Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet
- Barn og unge sine oppvekstvilkår er svært gode
- Kommunen sine levereglar er den viktigaste rettesnora for å nå utarbeidde mål
- Kommunen samverkar godt på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.

Levereglar for Nissedal kommune:

Kommunestyret har vedteke følgjande levereglar for tilsette og politikarar i Nissedal kommune.

Vi skal vere:

- Rause
- Tydelege
- Opne og ærlege
- Oppgåveorienterte
- Imøtekomande og blide
- Stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Samarbeidsviljuge og syne kvarandre respekt og omtanke

3.1 Sentral leiing

Kommuneplanen sine mål:

Sentral leiing ser til at heile kommuneorganisasjonen jobbar i retning av og i tråd med kommunen sine overordna mål.

- Sentral leiing samordnar dei tilboda kommunen gir, slik at innbyggjarane får best mogleg tilbod.
- Sentral leiing samordnar dei ressursane kommunen rår over, slik at organisering, kompetanse og teknologi er best mogleg tilpassa dei behova kommuneorganisasjonen har.
- Sentral leiing legg til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile organisasjonen, som blir synleggjort gjennom effektive og gode tenestetilbod for alle.
- Sentral leiing er pådrivar for vidare arbeid med å vere eit "trygt lokalsamfunn". I dette ligg både ei satsing på beredskapsarbeid frå sentral leiing si side, og samstundes eit ønske om å følgje dei godkjenningane som ligg i ordninga "trygt lokalsamfunn".
- Sentral leiing er pådrivar for at folkehelsearbeidet vert teke omsyn til i alle planar og eininger.
- Sentral leiing syter for at fellesrådet får føreseelege rammevilkår å jobbe under.

Fokusområder

- Skape eit økonomisk handlingsrom
- Rullering av Kommuneplanen
- Folkehelse i all kommunal drift

Vidareføring av etablert drift:

Generelt

Gjennom heilskapleg tenking, på tvers av fag og organisering, skal dei kommunale tenestene vere av høg kvalitet.

Politisk nivå skal gjennom saker/informasjon/god dialog få eit godt grunnlag for å fatte vedtak, og gjennomføring av politiske vedtak skal skje så raskt som mogleg.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Vurdere organisatorisk plassering av flyktningtenesta
Arbeidet er ikkje starta opp i 2. tertial, men vil bli det haust-19 sett i samanheng med punktet om plan for nedtrapping av ressursinnsatsen til integreringsarbeidet.
- Revidere kommuneplanen sin samfunnsdel
Planprogrammet vart vedteke av kommunestyret i juni. Det har vore naturleg å vente med det vidare arbeidet til nytt kommunestyre og formannskap er konstituert.
- Utviding av interkommunalt samarbeid
Samlokalisering av NAV Nissedal og NAV Kviteseid skjedde ved årsskiftet. Arbeidet med å etablere eitt felles kontor i Vest-Telemark er i god gang. Partnerskapet består av NAV-direktør og rådmannen i Tokke. Kraftsamarbeid i Vest-Telemark er inne i eit hovudprosjekt. Samarbeid med Kvisteseid i høve til rekneskapsarbeid er vedteke og målet er at dette er på plass til årsskifte. Det er gjort tilsetjing i utlyst stilling.
- Greie ut føremål og konsekvensar ved behovsvurdert redusert foreldrebetaling for SFO
Nytt reglement vedteke i k-sak 19/19.
- Gjennomgang av rutiner for løying til spesialpedagogiske tiltak og etablering av rutiner for oppfølgjing i ettertid av denne type vedtak.
Har hatt ein gjennomgang og fått etablert oversikt/rutiner på korleis dette skal fungere i høve til budsjettarbeid framover.

- Sikre systematisk internkontroll innan hms og personvern i tråd med lovverk.
Compillo er under innføring i kommunen. Dette system vil m.a. ivareta internkontroll innan HMS og personvern. Rådmannsgruppa deltek i KS sitt program «Leiargalopp som skal bidra til inovasjon og digitaliserte framsteg i tenesteproduksjonen. Nissedal har valt internkontroll og kvalitetssystem som sitt «kommune-case» i Leiargaloppen.
- Legge fram plan for nedtrapping av ressursinnsatsen kring flyktningearbeidet i kommunen.
Så langt i året har ressursinnsatsen blitt auka (jf. k-sak 5/19 og 1. tertial). Kommunen har motteke betydelige summar i ekstratilskot, på bakgrunn av ulike utfordringar enkeltpersonar har. Dette gjer til at flyktningearbeidet, førebels, får eit endra innhald, meir enn det blir trappa ned. Plan for nedtrapping vil bli utarbeida parallelt med budsjettarbeidet for 2020.
- Utarbeide plan for betre arealutnytting for kommunehuset.
Nytt kontor til einingsleiar barnehage er kome på plass og det er blitt gjort utbetringar i dette kontorfelelsskapet (lydsisolering). Det er og etablert møterom i gamle biblioteket i kjellaren. Ein har då løyst det som blei sett på som «akutte» problem. Dette saman med kapasitetsutfordringar ved teknisk eining gjer til at dette arbeidet vert utsett på ubestemt tid.
- El-bil vurderast ved alle behov for tenestebilar.
Blei vurdert ved innkjøp av ny bil til heimesjukepleia. Hybrid-bil valt.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innanfor eige fagområde.
Nissedal kommune abonnerer på Tilskottsportalen. Denne gjev ein heilskapleg oversikt over søkbare midlar.
- Gjennomføre beredskapsøvingar
Det har ikkje vore beredskapsøvingar i første tertial. Den planlagte storøvinga om brann vart usett grunna dødsfall.

Arbeidsgjevar-politikk

Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.

Gjennom oppdaterte reglement, retningsliner og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.

Sentral leiing har eit spesielt ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidarsamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.

Som IA-bedrift skal kommunen opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider i retning av IA-avtalen sitt overordna mål: å førebygge og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet, betre arbeidsmiljøet og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet

Sjukefråværet var 4,86 % for heile kommunen i 2014. I 2016 var fråværet på 7,21% og i 2017 6,83 %. Målsettinga for 2019 er å redusere fråværet til same låge nivå som i 2014.

Det vart gjennomført vernerunde på kommunehuset i april. Tre tiltak vart lagt fram for AMU i handlingsplan for tiltak med risiko:

- Manglar vask på jordmorkontoret
- Lytt mellom tre kontor på «Skulekontoret»
- Dårlege lysforhold for svaksynte på venterommet til legekontoret

Dei to første avvika er lukka. Det siste er under utgreiing.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

Informasjon til publikum

Nissedal kommune skal vere i aktiv dialog med innbyggjarane og prioritere høgt å gje dei svar på dei spørsmål dei måtte ha. Aktiv bruk av heimesidene til kommunen og Facebook er eit viktig bidrag i denne samanheng.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

Regionalt samarbeid og utvikling

Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Delta i hovudprosjekt for kraftsamarbeid i Vest-Telemark
Prosjektet er no inne i fasen gjennomføring av hovudprosjektet. Nissedal kommune utsette godkjenning av samarbeidsavtale i sitt kommunestyremøte i juni. Stilling som prosjektleiar vert lyst ut no. Nissedal kommune er mellombels tatt ut som samarbeidskommune i påvente av vedtak i sak om samarbeidsavtale.
- Delta i forprosjekt om velferdsteknologi
Hovudprosjektet er starta opp og prosjektleiar er tilsett. Deltakarkommunane samarbeider godt i arbeidsgruppe med prosjektleiar og samhandlingskoordinator.

Risiko- og sårbarheit – beredskapsplanar

Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre. Overordna risiko- og sårbarhetsanalyser skal til ei kvar tid vere oppdatert, og ligge til grunn for beredskapsplanen.

3.2 Fellestenesta

Kommuneplanen sine mål:

Fellestenesta skal prioritere service til publikum og tilsette.

Sentrale lovverk og planar med overordna fokus:

Kommunelova

Kommuneplanen

Økonomiplan, budsjett og handlingsprogram

Plan for kriseleiing og beredskap

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i fellestenesta:

Kommunelova

Offentlegheitslova

Arkivlova

Forvaltningslova

Vidareføring av etablert drift:

Fellestenesta er ein stabsfunksjon som i stor grad yter interne tenester i organisasjonen, men også diverse tenester ut mot publikum. Fellestenesta er m.a. tillagt ansvar for arkiv og postrutinar, sentralbord og resepsjon, lønskontor, fakturering og innkrevjing, drift av heimeside, møtebehandling og saksdokument og merkantile personaloppgåver. Gjennom god kompetanse, heilheitleg perspektiv, fleksibel haldning og god dialog med resten av organisasjonen, skal fellestenesta bidra til at organisasjonen fungerer effektivt i dagleg drift.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Innføring av ny versjon av faktureringsprogrammet, som betrar/effektiviserar arbeidet kring tilbodet om 12 terminar på eigedomsskatt/kommunale avgifter for dei som har efaktura og/eller avtalegiro. Ein vil då og marknadsføre dette tilbodet endå betre.
Ny versjon av faktureringsystemet, som legg til rette for fleksibelt val av terminar er installert. På faktura for 2. og 3. termin blei det bli informert om dette tilbodet. Det blei og annonsert på heimesida. Kommunen tilbyr nå 1, 4 eller 12 terminar. 4 er sett som standard. Ca. 30 abonnentar har valt månadleg termin for kommunale avgifter.
- Fullføre innføringa av heimelsregister og etablere gode rutiner for vedlikehald av etablert heimelsregister.
Dette er utsett til 2020.

3.3 Andre stabsfunksjonar

3.3.1 Ikt

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan ikt:

Personopplysningslova og personopplysningsforskrifta
Forskrift om IT-standarder i offentlig forvaltning
Norm for informasjonsikkerhet
Ikt-strategi for Vest-Telemark

Vidareføring av etablert drift:

Strategisk arbeid med ikt er organisert som stabsfunksjon. Dagleg drift av infrastruktur, rådgjeving og utviklingsarbeid vert i stor grad utført av ekstern tenesteleverandør, Aspit AS, i eit samarbeid med Fyresdal kommune og Seljord kommune. Ikt-strategi for Vest-Telemark legg opp til at mykje av dei strategiske vala innan ikt skal gjerast gjennom regionale prosjekt, der standardisering er ein overordna målsetnad. Nissedal kommune har ikkje ein eigen ikt-strategi.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Delta i ulike regionale utviklingsprosjekt som er etablert, m.a.
 - digitaliseringsprosjekt i regi av Vest-Telemarkrådet
 - prosjekt knytt til velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenestene
 - digitaliseringsprosjekt i regi av KS

Digitaliseringsprosjekt i regi av Vest-Telemarkrådet

Ein er godt i gang med å utarbeide nye heimesider, eit fellesprosjekt i Vest-Telemark. Kommunen deltek i prosjektet «orden i eige hus», eit prosjekt for kartlegging og dokumentering av eiga databehandling»

Prosjekt knytt til velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenestene

Sjå kommentar under «Regionalt samarbeid og utvikling».

Digitaliseringsprosjekt i regi av KS

Kommunen deltek ikkje pr. i dag i konkrete prosjekt innanfor KS sin finansieringsordning for digital utvikling, men rådmannsgruppa er med i KS sitt utviklingsprogram «Leiargalopp», eit utviklingsprogram innan innovasjon og digitalisering.

3.3.2 Næring

Kommuneplanen sine mål:

Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjoner
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjensle og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring:

Strategisk næringsplan for Nissedal

Vedtekter for kraftfond og næringsfond

Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014, med vidareføring av felles satsingar

Samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune

Handlingsplan for kommunalt KMD-fond

Småkommuneprogrammet

Rapport frå bu- og næringsutvalet i Nissedal kommune

Vidareføring av etablert drift:

Næringsarbeid er eit utviklingsarbeid der satsingsområda er satt opp i kommuneplanen sine mål. Det jobbast tett opp mot næringsdrivande, lag og organisasjoner, bl.a. er næringskonsulenten sekretær for Nissedal næringslag. Det vert satsa på reiseliv/turisme og kommunen har som mål å ha eit godt samarbeid med grunneigarane og Agder Energi om Jettegrytene. Nissedal kommune er også vertskommunen for kommunesamarbeidet "Telemarksvegen", der arbeidet elles er lagt til eiga styringsgruppe.

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

- Arbeide vidare med avklaring av ei eventuell vidare overtaking av tømmerrenna, samt eigarskap og ansvar.
I kommunestyresak 2/2019 var det vedteke å takke nei til å overta tømmerrenna ved Dynjanfoss frå Agder Energi Vannkraft for kr. 1 million.
- Framleis fokus på vitaliseringssprosessen av Telemarksvegen – lokal mat, kunst, kultur og attraksjonar. Arbeide vidare med utvidingsprosessen av Telemarksvegen med særleg fokus på å auke verdiskapinga til aktørane langs og i tilknyting til Telemarksvegen.
Ny brosjyre for 2019 vart delt ut i sommar. Talet på brosjyrar var likt som i fjar, dvs. ei lita auke frå tidlegare år. Den planlagde nye website til Telemarksvegen er utsatt då ein ønskjer å avklare ei ev. utviding av vegen først. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som jobbar med prosjekt Telemarksvegen – opplevingsveg. Forprosjektet "Telemarksvegen som opplevingsveg" har søkt, og fått, midlar frå Telemark Fylkeskommune, Aust-Agder fylkeskommune og Statens vegvesen. Trond Backer i Backer & Bang er leigd inn som prosjektleiar. Ein ser her for seg ei utviding av vegen frå Kristiansand til Drammen/Drøbak. Forprosjektet blir avslutta hausten 2019.
- Arbeide med å få på plass ein "næringsfiskar" i samarbeid med Nissedal næringslag. Nissedal kommune, saman med Nissedal næringslag, sökte hausten 2018 Telemark fylkeskommune om regionale midlar til ein næringsfiskar. Denne søknaden vart avslått.

Våren 2019 vart det utarbeid ein ny søknad med hjelp frå FAUN v/Monica Sølyst, nå kalt «Nyskapande vekst i Nissedal». Søknaden vart godkjent og i mai fekk kommunen eit tilsgatt frå TIN på totalt kr. 1.050.000 fordelt over 3 år. I juni vart det i formannskap og kommunestyre (PS 37/19) gjeve eit kommunalt tilskot på kr. 350.000,- pr. år i tre år til dette prosjektet. Løyvinga vert innarbeid i budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023. Det er oppretta ei styringsgruppe for prosjektet der Roald Nomme er leiar og Halvor Homme nestleiar. Det vil i haust bli arbeid med å tilsette ein prosjekteiar og målet er at denne personen er på plass på nyåret.

- Arbeide vidare med eit prosjekt om rydding av skog langs R41, i samarbeid med Statens Vegvesen og AT Skog.
Nissedal kommune søkte TIN om midlar til eit ryddeprosjekt langs R41. Denne søknaden vart dessverre avslått. Nissedal formannskap løyvde i mai kr. 50.000 til prosjektet. AT skog har i heile vår og sommar rydda for skog langs RV 41 og prosjektet er avslutta.
- Arbeide for at Treungen og andre stadnamn i kommunen vert meir synleg på vegskilting. Dette vert det arbeidd med opp mot Telemarksvegen.
- Undersøke moglegheita for felles postnummer for heile kommunen.
Førespurnad om felles postnummer vart sendt Posten v/Frode Wold i februar. Posten er pålagt å samle opp postnummerendringar til ei felles skal som dei handsamar rundt 1. oktober.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.
Nissedal kommune har teikna abonnement på Tilskuddsportalen for både eigne tilsette og lag og foreiningar. 9. mai vart det halde kurs både for eigne tilsette og lag/foreiningar på kommunehuset.
- Undersøke moglegheita for at Fram kan legge til på stasjonsbrygga.
Johan Straand er open for at MS Fram kan legge til på stasjonsbrygga dersom den blir satt i stand. Mangeårig skipper Egil Jensen er derimot skeptisk då det er mykje som må på plass for å få dette til, samt at ved vind frå nord/nordvest ikkje vil la seg gjere pga. at Nisser er for grund i dette området. Sjå notat i ePhorte 2018/1544-5. Dette punktet vert rekna som avslutta fram til det ev. kjem ei bestilling på sak.

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

Jettegrytene:

I frå fellespotten er det satt av kr. 25.000 til tilsyn og renovasjon ved Jettegrytene. I tillegg har ein tidlegare bruka midlar som kjem inn i form av bompengar. Då vegen har vore stengt i heile sommar får kommunen ikkje inn midlar frå bompengane. Førebels kostnad for renovasjon og tilsyn ligg på kr. 7.500. I tillegg er det estimert ein kostnad på ca. kr. 9.000 i samband med at det er gjeve administrativ løyve til vask, skrap og beising av utedoen. Totalt ligg då kostnadane innanfor løyve på kr. 25.000 og rådmannen ser ikkje at det skal vere naudsynt med ei ekstraløyving.

KMD-fondet:

I Ksak 52/18 var det løyvd kr. 50.000 frå KMD-fondet i saka «Avtale som sikrar opprusting og årleg vedlikehald av vegen til Jettegrytene». Denne avtalen er nå forkasta av veglaget og kommunestyret står fritt til å disponere desse midlane. Det tilrådast å styrke KMD-fondet sin konto med kr. 50.000.

Tilskuddsportalen:

Nissedal kommune har teikna abonnement på Tilskuddsportalen. Dette utgjer kr. 26.000 i 2019. Dersom dette skal ligge under næring ber rådmannen om at ramma aukast tilsvarande. Dette blei ved ein feil utegløymd i 1. tertial.

Nyskapande vekst i Nissedal – «næringsfiskar»:

Løyvinga frå kommunestyresak 38/19 vert innarbeid i budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023, men det vil kome nokre utgifter til bl.a. annonsering (ca. kr. 20.000) i 2019. Det er laga eige ansvarsområde for prosjektet – 1417.

3.4 Interkommunalt plankontor

Kommuneplanen sine mål:

All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bummiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bummiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioritertast.
- Tryggleik og beredskap skal leggast til grunn i arealplanlegginga.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for plankontoret:

Plan og bygningslova

Naturmangfaldslova

Matrikkellova

Eigarseksjoneringslova

Forureiningslova

Kommuneplan, spesielt arealdelen

Kommunedelplanar

Reguleringsplanar

Vidareføring av etablert drift:

Heile plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

Plankontoret har for 2019 budsjettet med 5,45 årsverk. Drifta skal vere slik at målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene i størst mogleg grad blir oppfylt.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

Administrasjon og plan:

Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Budsjetterte årsverk 2019: 1,20.

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

- Aktiv bruk av heimesidene til kommunen ved at dei til ei kvar tid er oppdaterte.
Arbeidet er i rute.
- Vidareutvikle det digitale planregisteret, ajourhald av planar etter endringar.
Planregisteret er nå ajourført med endringsvedtak.
- Rullere kommuneplanens arealdel.
Det er varsla planoppstart. Eigara av eldre ikkje-detaljplanlagde felt har fått melding om at desse vil bli trekt ut. Til innspelsfristen 01.08. har det kome inn fire ønske om nye byggeområde for fritidsbustader og to for nye område for råstoffutvinning (massetak).
- Ferdigstille revidert reguleringsplan *Treungen sentrum nord*.
Arbeidsgruppa har hatt tre møte. Det blir nå arbeidd administrativt med planen. Eit høyringsforslag vil vere klart i løpet av oktober.

- Ferdigstille revidert reguleringsplan *Framnes øvre*.
Arbeidet med denne har ikkje byrja. Eit høyringsforslag kan tidlegast vere klart i desember
- Vurdering av tiltak i rapport frå Bu- og næringsutvalet i høve til etablering av tomter på Fjone og Haugsjåsund.
Dette vil bli gjort i samband med rulleringa av kommuneplanens arealdel, og fylgjer tidsplanen for denne.

Kart og oppmåling:

Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Budsjettet 2019: 2,45.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Digitalisering av eldre flyfoto (Geovekstprosjekt, drift)
Flybilda frå 1978/80 er digitalisert, men førebels ikkje gjort tilgjengelege for kommunen.
- Ny kartlegging av heile kommunen (Geovekstprosjekt, investering)
Dette arbeidet er ferdig.
- Internsal, innmåling av v/a-nett.
Teknisk eining er i gang med lokalisering av gammalt v/a-nett. Innmålinga vil skje når eininga har klarlagt kor dette/delar av dette nettet går.
- Utarbeide tomtedelingsplanar for private.
Det er utarbeidd ein tomitedelingsplan for byggeområdet på g/bnr. 14/1 ved Buvatn.

Byggesaksbehandling:

Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.
Budsjettet 2019: 1,80.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Kontroll av eventuelle avløpsutslepp i felt der det ikkje er lov med innlagt vatn, felt der kommunen kan tilby tilkopling til kommunalt nett blir prioritert.
Dette er ikkje utført ennå.
- Oppfylging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avløpsvatn.
Det er kontrollert eitt anlegg. Utfallet blir truleg tilkopling til kommunalt nett.
- Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt). I perioden 1/1-31/8-19 er det bruka 70,75 timer på eigedomsskatteprosjektet.

Kompetanseutvikling:

Det er ikkje gjennomført eller planlagt kompetansehevande tiltak for tilsette ved plankontoret.

Sjukefråvær:

For første halvår er sjukefråværet berekna til 16,34 %, av dette 15,75 % som langtidsfråvær. Dette er langt over «normalen», men i ei lita eining gjer eitt langtidsfråvær stort utslag. Ikke noko av fråværet har vore relatert til arbeidsplassen/arbeidsmiljøet ved plankontoret.

Økonomivurderingar – Nye behov utfordringar:

Frå 01.03. blei det på plankontoret redusert med 60 % stilling. Sparte lønsmidlar er for ein stor del gått til å dekke opp postar for tilsvarande aktivitsreduksjon, særleg for byggesak. For oppmålingsarbeid er 74 % (71%, 74 %, siste års tal i parentes) av budsjettet gebyrinntekter inntektsført pr. 31.08. For plansaker og byggesaker er tilsvarande tal 62 % (62%, 93 %) og 55 % (64%, 59%). Dette er med unnatak for byggesak som alt nemnd, normal-tal for 2.tertial, der det vil vere sesongsvingingar og svingingar frå år til år.

3.5 Nav

Kommuneplanen sine mål:

Som del av NAV-kontoret medverke til at folk kjem tilbake til arbeid.

- Kommunen skal medverke til å sikre økonomisk og sosial tryggleik og betre bu og levekåra for vanskelegstilte.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for Nav:

- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om folketrygd
- Forskrifter og retningslinjer frå Husbanken
- Samarbeidsavtale mellom NAV og oppfylgingstenesta i Telemark
- Samarbeidsavtale Lærekandidater og bruk av arbeidspraksis – NAV i Telemark og Telemark fylkeskommune
- Partnarskapsavtala med Nav Stat

Vidareføring av etablert drift:

Vidareføring av etablert drift:

NAV Nissedal yter kommunale og statlege tenester basert på partnerskapsavtala mellom Nissedal kommune og den statlege delen av NAV. Den statlege delen av NAV har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, og kommunen har saman med den statlege delen av NAV ansvar for dagleg drift av kontoret. Kontoret har på midlertidig basis hatt stengt ein dag i veka - kvar onsdag. Denne dagen er sett av til sakshandsaming og møte. Tanken bak dette har vore at dette vil føre til raskare sakshandsaming og dermed eit betre tilbod til brukarane. Nav har eit godt samarbeid med andre einingar i kommunen.

Dei kommunale tenestene i NAV:

Sakshandsaming etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Dette er ein omfattande lov.

Formålsparagrafen lyder: «*Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltagelse i samfunnet.*»

NAV jobber i hovedsak med råd og rettleiing, samt vurdering av sosialhjelppøknader. Lov om sosiale tjenester i NAV er eit «siste sikkerhetsnett». Det er ein skjønnnsbasert lov. Det vil seie at den gjev folk rettar dersom dei fyller vilkåra for å få hjelp, men den gjev det og mogeleg for NAV å nytte skjønn og innvilge naudsynt hjelp utover dette. Dette gjer at ein har strenge krav til formell sakshandsaming.

Grunntanken med alt Nav gjer etter denne loven, er å hjelpe menneske til å klare seg sjølv. Sosialhjelp er meint å vere hjelp i ein overgangsperiode, og er ikkje dimensjonert for å leve på over lang tid.

Spesielle tiltak/endringar for 2019

- Deltaking i førebuing av samanslåing av 5 NAV-kontor i Vest-Telemark og få etablert/vidareutvikla gode rutiner i høve til samarbeid med Kviteseid.
NAV Kviteseid-Nissedal deltek i dei prosesser som omhandlar førebuinga av samanslåinga av NAV-kontora 2020. Dette krev mykje av tida, men man prøvar så godt det lar seg gjere å halde oppe produksjon og oppfølging for innbyggjarane. Det er etablert og teke i bruk rutinar for arbeidet for kommunen sine innbyggjarar. På Nissedal kommunehus der NAV møter de fleste av kommunen sine innbyggjarar i samtaler har man posthylle der innbyggjarane kan legge søknader, dokumentasjon m.m som blir henta til ca. 2 ggr/veka. Det er også en moglegheit til å sende over dokumenter via skanner til NAV-kontoret i Kviteseid. Og nylig har også ein telefon opna for moglegheit for direkte kontakt med NAV-personell blitt satt frem ved sjølvbeteningsløysinga. Denne skal berre brukast ved akutt behov for bustad eller økonomisk stønad. Da ein i 2019 ikkje har open for drop-in må alle møter avtalast.
- NAV vidareførar tiltaket Restart. Målgruppe er brukarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde. Mål er arbeid eller utdanning. NAV har avtale med Kvito om gjennomføring av tiltaket. Hovudmålgruppa er framleis personer som mottar sosialhjelp som hovudinntekt under 30 år, og så dei som er eldre.
Restart held frem men med endra målgruppa til å gjelde alle brukarar NAV vurderer å ha behov for det, uansett inntekt.
- NAV skal bistå Flyktningetenesta mykje tidligare med arbeidsretta rettleiing for å unngå at flyktningane ikkje har funnet vegen til arbeidsmarknad før Introprogrammet er omme. Det er oppretta eit samarbeid i Vest-Telemark mellom NAV-kontorane og dei respektive flyktningetenestene for å ble betre på det.
NAV og kommunen sin flyktningeteneste samarbeider tett kring og med aktuelle flyktningar i forhold til både ytingar og arbeid.
- Kvalifiseringsprogram. Plassen i Kvalifiseringsprogram har vært ledig over 1,5 år. NAV har intensjonen til å besette den plassen i 2019.
Der har ikkje vært nokon aktuelle brukarar for Kvalifiseringsprogrammet så langt i 2019.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.
Har søkt og fått midlar frå fylkesmannen til samarbeid og utvikling av sosiale tenestar i Vest-Telemark.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

Kompetanseutvikling:

NAV sin personell brukar de tilbod om kurs og opplæring som blir tilbode av fylkesmannen gjennom året.

Sjukefråvær:

Har hatt og har stort sjukefråvær. Ei tilsett har vært sjuk frå juli og det har blitt sete inn vikar nå siste tida.

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

Det har vært og vil truleg halde fram med store utgifter til sosialstønad resten av året. NAV arbeider med å få betre løysingar for brukarar med lang tid med sosialstønad som hovudinntekt, dvs å få desse over på statlige ordningar eller arbeid. Det er et krevjande arbeid da det er avhengig av både helsevesenet og samarbeidsevne/vilje til de det gjelder. Manglande språkferdighetar hjå enkelte brukarar er også en utfordring. Budsjettet må styrkast.

3.6. Andre Interkommunale samarbeid

3.6.1 Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid

Kommuneplanen sine mål:

Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjoner
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjensle og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for landbrukskontoret:

Jordlova
Skoglova
Konsesjonslova
Landbruksplan for Vest-Telemark
Landbruksplan for Nissedal 2014-2017

Vidareføring av etablert drift:

Heile landbrukskontoret

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid. Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet. Landbruket er ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

Spesielle tiltak/endringar for 2019

- Halde fram med tett oppfølging av pelsdyrdrifta på Berlimoen med omsyn til gjødselhandtering. Landbrukskontoret skal halde fram med å arbeide intensivt for å redusere flugeplagene i Haugsjåsund.
Det er kjørt ut mykje, gammal gjødsel frå Berlimoen i sommar til gardsbruk på Trontveit og i Kyrkjebygda. Opprydding i farmane som står tome, er ikkje fullført. Fludemengda i anlegget er halde under kontroll og har ikkje vore stor.
- Følgje opp endra søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark. Frå juni 2019 er det innført ny løysing for skogfondssystemet i Altinn, samt nytt sakshandsaming- og arkivssystem for skogfond.

Viltforvaltning

Kommunen har utarbeidd eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Planen skal rullerast etter jakta i 2018. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling.

Spesielle tiltak/endringar for 2019

- Rullering av hjorteviltplan for Nissedal kommune,
Planen har vore ute på høyring og ny plan er vedtatt av formannskapet. Planen gjeld fram til og med jaktåret 2021.

Miljø

Kommunen delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjektet er avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder. Kommunen skal følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva.

Vassregionen skal nå i gang med rullering av planen for neste planperiode, perioden 2021 – 2027.

Planen låg ute til høyring til 3. juni. Innkomne høyringssvar skal vurderast og eventuelle forslag på endringar skal ut på ny høyring.

3.6.2 Kommunerevisjonen og kontrollutvalssekretariatet

Nissedal kommune løyser sine behov for revisjon og kontrollutvalssekretariat ved å vere medeigar i Telemark kommunerevisjon Iks og Telemark kontrollutvalssekretariat Iks. Kommunestyret har vald ordførar som representant i representantskapet til Telemark kommunerevisjon Iks og Telemark kontrollutvalssekretariat Iks.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

3.6.3 Renovasjon

Dei kommunale renovasjonstenestene er organisert i Indre Agder og Telemark Avfallsselskap Iks (IATA), i samarbeid med kommunane Åmli, Nome og Drangedal. Selskapet er styrt gjennom eigne vedtekter, eige styre og dagleg leiar. Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet, som er selskapet sitt høgste organ, og styrerrepresentant.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Avklaring/samkøyring av rutinar når eigarkommunane har overteke fakturering av renovasjonsgebyr.
Det har vore dialog eigarkommunane imellom i høve til ulike sider av fakturering. Ein har kome fram til felles rutiner for gjennomføring/fordeling av arbeidet mellom kommunane og IATA. Etter litt diskusjon har ein kome fram til at kvar kommune legg på utgifter til administrative kostnader frå 2020. Dette vil gjere til at det kan bli noko ulike renovasjonsgebyr eigarkommunane i mellom. Åmli kommune ønskjer framleis ikkje å overta faktureringa.

3.6.4 Vest-Telemark brannvernsamarbeid

Det kommunale ansvaret for brann- og ulykkeberedskap, forebygging og feiing er organisert som eit Iks i Vest-Telemark, lokalisert i Høydalsmo. Kommunen har likevel ansvar for beredskapsmateriell og arbeidsgjevaransvar for utrykkingsmannskapa. Selskapet er styrt gjennom selskapsavtale, eige styre og dagleg leiar (brannsjef). Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet som er selskapet sitt høgste organ, og styrerrepresentant.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

Samla rammeområde felles:

Kompetanseutvikling:

Som førebuing av kommunevalet har 3 frå fellesstenesta delteke på kurs i programmet som nyttast til val og i gjennomføring av val.

Kommunen har også delteke i opplæring på nytt avvikssystem/kvalitetssystem som er under innføring i kommunen (Compillo).

Sjukefråvær:

Sjukefråværet første kvartal for felles er 2,991%. Dette er i hovudsak kortidsfråvær (2,41%). Berre 0,58% er langtidsfråvær.

Økonomivurderingar – Nye behov utfordringar:

Det er i september motteke prognose/estimat for kva kommunen vil få i konsesjonskraftinntekter i 2019. Dette estimatet gir grunnlag for å auke anslaget på denne inntekta med kr 84.000 i tillegg til dei 1,1 mill. som inntektsanslaget blei auka med i 1. tertial.

Kommunen har pådratt seg utgifter til advokat i samband med usemje kring sak om tilbakekjøp av næringsareal. Det er ikkje avsett budsjettmidlar til denne type utgifter. Utgjer kr 38.000.

I budsjettet var det lagt inn kr 30.000 i kostnadsdekning av utgifter i samband med faktuering av renovasjonsutgifter. Eigarkommunane til IATA har nå kome fram til at frå 2020 skal dette dekkast inn ved at kvar kommunen bereknar kva dei administrative kostnader til faktuering utgjer og legg dette på renovasjonsgebyret. Kostnader i 2019 må derfor bli ein del av eit «fremførbart underskot» og bli dekt inn ved utsending av renovasjonsgebyret i 2020. Med dette gjer til at ein manglar budsjettdekning for denne summen i 2019.

Driftsbudsjettet for felles/rådmann er gjennomgått og mindre omprioriteringar er gjort. Budsjettsituasjonen blir vurdert til å vere stram, men under kontroll.

3.7 Eining for skule

Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekke vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet* og *tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjoner.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal ligge over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleirspråklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Opplæringslova med forskrifter

Plan for overgang barnehage - skule

Plan for utvikling av læringsmiljøet

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for skule omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring.

Eininga samarbeider tverrfagleg med skulehelsetenesta, barnehage, flyktningtenesta, kultur og Vest-Telemark PPT

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Iverksetting av plan for IKT- i skulen
Strategiplanen er i hovudsak gjennomført som tenkt. Den tekniske infrastrukturen er på plass, iPad med tilhøyrande utstyr er kjøpt inn til alle elevar og tilsette. Tilsette og elevar har fått ei nødvendig oppstartsopplæring, men det er behov for meir opplæring. Det vil vidare jobbast med å avgrense elevane sin tilgang på «ikke ønskelege sider». Samarbeidet med Aspit har vore utfordrande ved skulestart. ATEA har eit delansvar for noko av arbeidet, som ikkje har kome heil på plass enda. Dette er tenkt løyst med eigne møte.
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø: Eit felles to-årig utviklingsprosjekt i Vest- Telemark med regionale og nasjonale samlingar
Prosjektet er godt i gang og gjennomførast i eit samarbeid mellom Udir, skuleleiing, resurspersonar og tilsette. Det er utarbeida ein overordna plan i kommunen for barnehage og skule. Fokus våren 2019 har vore på klasseleiing. I haust er det skoleheim samarbeid.
- Midlertidig skuledrift for Kyrkjebrygda oppvekstsenter ved Kyrkjebrygda bedehus. Oppfølging av byggeprosjektet ved oppvekstsenteret
Skuledrifta fungerer framleis godt på Kyrkjebrygda bedehus. Teknisk eining har ansvaret for byggeprosjektet. Det blir holdt jamleg byggemøte der rektor er representert. Venta innflytting er i mars som planlagt.
- Fremje politisk sak om tilstand og kapasitet ved Nissedal ungdomsskule – paviljongen
Saka blei lagt fram i formannskapet våren 2019. Det er planlagt prosjekteringsstart haust 2019. Rektor på Tveit skule vil vere hovudpersonen frå skuleining i vidare involvering.
- Førebu Fagfornyinga (ny læreplan frå hausten 2020)
Rektorar og inspektør deltek på felles samlingar for Vest- og Midt-Telemark. Samlingane er eit samarbeid mellom USN (universitetet i Sør Noreg), Telemark Fylkeskommune og Forum for utdanning i Vest-Telemark. Førebuingane til Fagfornyinga blant lærerane tek for fullt til no i haust.
- Liv og røre prosjekt med oppstart skuleåret 2019. Har som mål å auke den fysiske aktiviteten til elevane i undervisinga og i friminutta.
Alle tilsette var på opplærings –og inspirasjonsdag på ein av planleggingsdagane no i haust. Diverse materiell og utstyr er bestilt og kome på plass. Resurspersonar har eit særleg ansvar for prosjektet i samarbeid med skuleleiinga. På skulane er Liv og røre starta opp på alle stega; 1-10. Målet er 1 time fysisk aktivitet per dag (i gjennomsnitt på skuleveka) inkludert kroppsøvingstimene. Oppstart i august har vore vellukka.
- Revidere planen for samarbeid heim-skule
Denne kjem i haust som ein del av prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Blir fokusområde i haust 2019. FAU er invitert til å delta i utarbeiding av ny plan. Plan for brukarmedverknad vil bli erstatta av plan for samarbeid heim-skule.
- Sak til kommunestyret om ev nye behov og kostnad til vidareutdanning for lærarar i før dispensasjonen på 10 år er over
Det vil bli laga ei oversikt over dette i haust. Alle som ikkje fyller krava etter 2025 må bli gjort merksame på dette og bli oppfordra til å søkje vidareutdanning.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige område.
Det vil i haust bli nytta Tilskuddsportalen i dette arbeidet.

Grunnskule

Nissedal kommune har ein desentralisert skulestruktur med to barneskular og ein ungdomsskule. Kyrkjebrygda oppvekstsenter ligg i Kyrkjebrygda og Tveit skule ligg i Treungen. Desse to skulane er 1-7 skular, der Kyrkjebrygda er ein tre-delt skule og Tveit er ein fulldelt skule. Nissedal ungdomsskule er felles og ligg i Treungen. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for skule er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- "Vurdering for læring": Leiinga ved både skulane har vore på avslutningskonferanse med Udir. Arbeidet med Vurdering for læring held fram inn mot Fagfornyinga i 2020.
Pågåande arbeid, sjå punkt om Fagfornyinga over.
- Oppgradere læreverk i skulane – Dette punktet venter vi med til nye læreverk kjem som følgje av Fagfornyinga 2020. Det er viktig å sette ev. rest på budsjettpost "Undervisningsmateriell" på fond slik at vi kan bytte læreverk frå 2020 og framover.
Vurderast i haust.
- Utgreie ei auke av rammetimetal i barneskulen (1-7 trinn).
Kom som eit ønskje frå FAU (foreldra sitt arbeidsutval) på Tveit skule i skuleåret 2017/2018. Saka vert teke opp på nytt i FAU no i haust.
- Utdanningsvalfaget utvidas til å omfatte ei lokal yrkesmesse.
Dette har ein valt å ikkje gjennomføre. Elevar deltek på yrkesmessa på Dalen og felles informasjonskveld om vidaregående utdanning saman med Fyresdal.
- Gjennomføre PLIVO-øving (sikkerhetsprosedyre i samarbeid med politi, brannvesen, redningstenesta og helsevesen).
Gjennomført som planlagt.

SFO

Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO) på Tveit skule og ved Kyrkjebrygda oppvekstsenter. I tillegg vert det gjeve tilbod på Felle, men då som eit tilbod organisert gjennom Felle barnehage. SFO-tilboden skal minimum fylge skuleruta. Tilboden utanom skuleruta skal tilpassast etterspurnaden.
SFO i Nissedal kommune skal gje eit kvalitativt godt tilbod med sunn mat, fysisk aktivitet og sosial kompetanse, men samstundes ha respekt for barns leik og fritid.
Det tilbys gratis leksehjelp i SFO.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Brukarundersøking
Det var brukarundersøking (ordinær frå Udir) for alle foreldre hausten 18. Vi ville ikkje køyre to undersøkingar så tett at det ville gå på bekostning av svarprosenten den eine eller andre vegen. Nå er det nytt skuleår og dei nye foreldra må bli kjende. Det kan synast fornuftig å ha ei slik brukarundersøking for SFO rett på nyåret 2020.
- Kompetanseheving og endringar i tråd med funn i punkt over
Kjem tilbake til dette etter undersøkinga.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa er i Treungen og har lokale knytt til Kåsa bu og avlastning. Opplæringa gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt til det. Undervisninga på Kåsa er i all hovudsak knytt til flyktninger.

Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet.

Det vert gjeve undervisning til vaksne etter opplæringslova § 4A.2: *Rett til spesialundervisning på grunnskolens område*. Undervisninga foregår på Mila og som heimeundervisning.

Vaksenopplæringa har plikt til å gi *Opplæring til voksne med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon*(ASK) ved behov (opplæringslova § 4A-13)

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Nissedal kommune blir prøvestad for norsk og samfunnskunnskap
Tidlegare har våre elevar reist til nabokommunar for å avleggje prøve i norsk og samfunnskunnskap. Dette vil dei slippe når me sjølv tek ansvar for prøvene.
Ein lærar ved VO blir sertifisert i høve innføringa.
Nissedal kommune er blitt prøvestad for samfunnskunnskap. På bakgrunn av faglege og økonomiske vurderingar er dette ikkje gjort for norsk. Prøvestad i norsk er i Lunde ved Nome Voksenopplæring.

Kompetanseutvikling

- **Grunnskule:**
Vidareutdanning i basisfaga.
Det var to søkere til vidareutdanning i tysk, men ingen fekk plass hos Udir/studiestad.

Leiarutdanning: Inspektør ved Tveit skule held fram med sin masterutdanning i skuleleiing.

Resursperson (20%) held fram i prosjektet Inkluderande barnehage- og skolemiljø. Vedkommande deltek på regionale og nasjonale samlingar.

Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule deltek på vidareutdanning «Digitalisering og ledelse i skolen». Dette som eit ledd i å få ei god gjennomføring av IKT-strategi.

D-pedagogar (digital pedagog) får naudsynt opplæring og kompetaneheving (IKT-strategi i skulen)

Ein D-pedagog er i foreldreperm i haust, noko som skapar ei meir sårbar situasjon akkurat nå.

- **Vaksenopplæringa:**
Delta på årelg fagkurs med IMDI i Telemark.
Held fram som planlagt.
Delta i VO-nettverk i Telemark
Tilsette deltek i nettverka.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

F-sak 10/19: Auke i spesialpedagogiske tiltak (gjesteelev i annan kommune). 163.000,-

F-sak 11/19: Nytt behov for spesialundervisning. 230.000,-

F-sak 44/19: Disponering av tilskotsmidlar frå IMDI. 813.000,- i 2019 budsjett

K-sak 10/19: Utbygging/ombygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter. 16.655.000,-

K-sak 5/19: Auka bruk av integreringstilskot. 335.000,-

F-sak 66/19: Tiltak rundt enkeltelev

Kompetanseutvikling:

- Ein tilsett avsluttar våren 2019 vidareutdanning (30stp) i engelsk.
- Fire tilsette søkte etter- og vidareutdanning for skuleåret 2019-2020. Kommunen godkjente desse søknadane, men Udir godkjente kun ein. Søkaren fekk ikkje plass på studiestaden.
- D-pedagogar (jamfør IKT-plan) har delteke på ulike kurs og opplæringsdagar.
- Alle tilsette har delteke på opplæringsdag(ar) i samband med IKT i skulen.
- Eininga fekk av kommunen sine opplæringsmidlar kroner 67.000,-
- Tilsette i skulen deltok på inspirasjons- og opplæringsdag på planleggingsdag i august.
- Dagskurs om skulevegring/bekymringsfull fråvær.

Sjukefråvær:

Det totale sjukefråveret var på 3,3%

Økonomivurderingar – Nye behov utfordringar:

- Auka behov for logopedresurs: Kommunen har i løpet av dei siste åra og vil for komande skule- og barnehageår ha eit auka behov for logoped i kommunen. Per no er resursen så knapp at ein ikkje klarer å oppretthalde brukarane sin lovpålagte rett til spesialpedagogiske hjelpe tiltak, samstundes som ein skal utføre nødvendige undersøkingar, testing, oppfølging, arbeid med elevar og/eller barnehagebarn, samt fagleg ajourføring. Mykje av ressursen går til köyring mellom skular og barnehagar. Behovet vert jobba med fram mot budsjett for 2020.
- Felles: Jamfør budsjettvedtak skulle eininga finne ledige lønnsmidlar på 500.000,-. Dette er innarbeidd.
- Samlesum for vedtekne spesialpedagogiske tiltak er uendra frå 1. tertial: 393.000,-
- I august har det vore overlapping for einingsleiare for skule. Dette utgjer ein meirutgift på 70 000,- over budsjett.
- Stilling som miljøarbeidar blir i haust lyst ut på ny etter at miljøarbeidet som skulle begynne i haust ikkje starta likevel. Det kan bli mellomløysingar internt i påvente av ny tilsetjing.
- Som ein del av arbeidet med ungdom og rusutfordringar i kommunen, har skulen fått klarsignal frå ordføraren om å starte opp med MOT-programmet på Nissedal ungdomsskule. MOT er eit program som skal styrke ungdommen til å ta eigne, kloke val. Dette gjeld rus og alkohol, men også livsmeistring og mobbing/venskap. MOT er eit godt etablert program med rettleiarar som vil hjelpe oss i gang. Det er sett av 10% lærarressurs som MOT-coach på skulen skal. I tillegg er miljøterapeut og rektor med på all opplæring. Desse tre skal utgjere eit MOT-team på skulen. Det er opplæring for desse

tre på MOT-camp i Trondheim medio oktober. MOT er eit konsept vi har stor tiltro til, og vi gler oss til å kome i gang. Dette koster ein del, men vi har tru på at det vil gje stor vinst i andre enden. Deltaking i MOT kostar 35.000kr per år. I tillegg må vi betale reise og opphold første natt i Trondheim: 15.000kr. Frikjøp av lærar 10% til MOT: 70.000kr. Vikarutgifter 3 dagar: 8000kr. Dette vil vere årlege utgifter 128.000kr. Hausten 2019: 66750 kr.

- På Tveit skule er inventar og utstyrsbudsjettet nesten brukt opp. Dette har i stor grad samanheng med at det i vinter var naudsynt å oppgradere fleire pultar og stolar til klasseromma. Mange elevar satt på øydelagde stoler og ved så gamle pultar at det ikkje kunne halde fram. Fysioterapeuten reagerte i tillegg på stolane til 5. klasse som måtte ha regulerbare stolar. Mobilhotell har også vore ein ekstra spesiell utgift dette året. Det er ynskjeleg å styrke inventar og utstyrspotten slik at Tveit har eit visst handlingsrom ut hausten. Det er eit kjent behov for to nye datamaskiner. Ei auka ramme på 50 000,- er eit ynskje her.
- Implementering av IKT-planen går for fullt. Erfaringane så langt viser at det er heilt naudsynt med opplæring i bruk av Teams og One Note. Dette er ei opplæring som opphavleg plan ikkje tok høgde for. Ei filtrering av «ikkje ønskjelege nettsider» er under arbeid, denne filtreringa vil ha ein kostnad. Berekna kostnad er 45 000,-
- På grunn av ei auke i elevtalet over år og kommunale vedtak om farleg skuleveg, er det innanfor området skuleskyss venta ei auke i utgiftene. Denne auka er berekna til 100 000,-.

3.8 Eining for barnehage

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilboden som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om barnehage

Rammeplan for barnehagar

Felles språkplan for alle barnehagane (intern)

Plan for tidleg innsats – samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesyster, PPT og psykisk helse (intern)

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Kommunen har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Haugsjåsund, Kyrkjebygda og Felle.

Kommunen har eitt hovedopptak i året. Hovedopptaket skjer i mars,- og det er i samband med dette at retten til barnehageplass vert gjort gjeldande.

Kommunen vil så langt som råd gje tilbod til barn fortlopende gjennom året.

Foresette kan velje mellom 2, 3, 4 og 5 dagars tilbod.

Barnehagane stengt i romjula, virkedagane før skjærtorsdag og to veker i juli.

Det er utarbeida felles satsingsområde for alle barnehagane. På bakgrunn av dette utarbeider kvar barnehage sin eigen årsplan.

Kompetanseheving skal fokusere på satsingsområda.

Barnehagane samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, skule, ppt og barnevernstenesta.

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

- Redusere bemanning/årsverk jf. nedgang i barnhageborn (tilsv. lønsutgifter på 0,6 mill.)
Det har ikkje blitt reduksjon i årsverk då kommunestyret vedtok å åpne barnehage på Fjone frå hausten 2019. 2 årsverk blei henta frå barnehagane i Haugsjåsund, Treungen og Kyrkjebygda. Ein måtte auke med 1,35 årsverk i eininga.
- Fylgje opp utviklingsprosjektet inkluderande læringsmiljø i barnehage- og skule.
*Eit felles utviklingsprosjekt i barnehage og skule i regi av utdanningsdirektoratet
Det er tilsett ressursperson i 20% stilling og arbeidet er godt i gang i dei ulike barnehagane. Det er utarbeida ein overordna plan i kommunen for barnehage og skule.*

- Iverksette plan for digital praksis i skule og barnehage
Strategiplanen er i stor grad gjennomført. Den tekniske infrastrukturen er på plass. iPad med tilhørende utstyr er kjøpt inn til barnehagene og tatt i bruk. Tilsette fikk noko opplæring. I dette prosjektet var det stipulert 5 visningstavler til barnehagene. Dette har ikkje blitt kjøpt inn.
- Vidareføre intern opplæring for assistentane og fagarbeidarane
Vi gjennomfører interne kurskveldar for assistenter og fagarbeidrarar på tvers av barnehagane i kommunen. Innhaldet er knytt til prosjektet inkluderande barnehagemiljø
- Utarbeide gode rutiner til krav om politiattest i barnehage.
Dette er gjort. Dei har blitt godkjent av fylkesmannen
- Starte opp med kommunalt tilsyn i barnehagane i Nissedal
Dette er planlagt i løpet av året,
- Jamleg oppdatering til politisk nivå om evt. ventelister i barnehagane
Dette blir gjort i samband med tertialrapportering.
- Gjennomgang av behov for oppgradering av uteområda i barnhagane og legge fram sak om disponering av avsett sum til oppgradering.
Uteområda i alle barnehagane er oppgradert. Foreldre og andre bygdefolk har lagt ned mykje dugnadsarbeid i dei ulike barnehagane
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde
Barnehagane har søkt om midler til symjeopplæring for 5-åringane.

Treungen barnehage

Godkjent for 60 plassar, der 36 er i eiga småbarnsavdeling (18 barn frå 1-3 år).

3-5 årsavdelinga har 24 godkjente barnehageplassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Ingen venteliste i Treungen barnehage

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

Kyrkjebygda barnehage

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Ingen venteliste i Kyrkjebygda barnehage

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

Haugsåsund barnehage

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

På grunn av personalressursen kan vi ikkje pr. i dag møte alle behov for oppjustering av barnehagetilbodet hos enkelte av brukarane i Haugsåsund barnehage

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

Felle barnehage

Godkjent for 18 plassar.

Opningstida er 07.00-16.30.

Ingen venteliste i Felle barnehage

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

K-sak 18/19 Uteområda i barnehagane i Nissedal. Kr 600 000 inkl. mva. vert disponert slik:
Haugsjåsund barnehage: Kr. 95 000,- Klatrestativ m/dempmatter
Felle barnehage: Kr: 105 0000, - (Asfaltering : kr: 90 000,- + kr.15 000,- solskjerming/hekk)
Treungen barnehage: kr 400 000,- Utbetring av uteområdet. Prosjektramma vart auka med kr. 275 000,- knytt til vognskur i Treungen og Haugsjåsund barnehage med kr. 150 000,- inkl. mva til kvar av desse barnehagane. Treungen barnehage har nå fått eit tilfredsstillande vognskur. I løpet av hausten vil Haugsjåsund barnehage også få vognskur.

Kompetanseutvikling:

Ein styrar er i gang vidareutdanning i barnehageleiring ved universitetet i Kristiansand. To fagarbeidrarar deltek på kurs ved Fagskole TV i Seljord «Barn med særskilte behov» Dei har oppmøte i Seljord kvar måndag.

Sjukefråvær:

Det totale sjukefråværet i andre termin: 9,77%. Kortidsfråvær: 1,99% og langtidsfråvær: 7,78%.

Eininga har hatt 3 tilsette som har vore langtidssjukmelde. Fråværet er ikkje relatert til arbeidet i barnehagane.

Arbeidsmiljøet blir arbeidd med kontinuerleg.

Økonomivurderingar – Nye behov utfordringar:

Kommunestyret vedtok å starte opp barnehage på Fjone.
Investeringsramme var på kr. 1 900 750.

Barnehagen blei opna 12 august 2019. Det 6 barn som har tilbod der.

Driftsramma for Fjone barnehage hausten -19: kr 920 000,-

Budsjettet i eininga er pr. i dag i balanse:

Eininga har hatt ulike utgifter som ikkje har vore budsjettet, overtid kr 40.000, kjøp av tenester – Logoped/bedrifthelseteneste/tolketeneste kr 20.000, integrasjonsavtale med Evry i samband med oppstart av Visma-flyt barnehage kr 18.000. Barnehagen har funne dekning for desse utgiftene i ramma.

Nye behov:

Rettleiar av lærarar og barnehagelærarar:

Kommunen har ansvar for å gje nyutdanna lærarar og barnehagelærarar tilbod om rettleiring det første året dei er i jobb. Det er opp til den enkelte tilsette å nytte dette tilboden.

Barnehageforum i Vest-Telemark har oppretta eit rettleiar-team i regionen for å møte behovet i dei ulike kommunane. Nissedal har ein person med i dette teamaet.. Kostnadane til dette har ein funne dekning for innanfor ramma. Etterkvart som dette tilboden har blitt kjent har behovet auka for denne tenesten. Tveit skule har meldt at dei har behov for rettleiar frå hausten -19. Eininga ynskjer å få etablert denne tjenesten permanent og har behov for styring av ramma: Frikjøp av rettleiar 3 % stilling kr. 20 000,-

SFO – Felle:

I k-sak 44/16 vedtok kommunestyret å vidareføre sfo- tilbod på Felle i samarbeid med barnehagen. Det er 3 barn som nyttar seg av tilboden. Barnehagen har fått tilført personalressurs tilsvarannde 33% stilling. Denne ressursen har vore «baka inn» i personalressursen knytt til barnehagen. Det har difor vore vanskeleg å synleggjera kostnadane ved å ha SFO i tilknytning til barnehagen. Barnehagen har eitt behov for å skjerme sfo-barna i eige rom delar av tida dei er der – spesielt på ettermiddagen. Ein ynskjer å sette opp skiljevegg i det eine klasserommet. Kostnad: Usikker

3.9 Eining for kultur

Kommuneplanen sine mål:

Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkraftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.
- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhør og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einskilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissedal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga

Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

Lov om folkebibliotek

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Kultur er eit vidt teneste-spekter samstundes som dei enkelte tenestene er relativt små i Nissedal kommune. Dei mest konkrete tenestene vert omtala nedanfor.

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

- Ferdigstille Tur-og sykkelløype på den gamle jernbanelina i samarbeid med Åmli kommune. Sette opp turskilt og infoskilt langs lina, også i samarbeid med Åmli kommune. Målsetting om ferdigstilling haust 2019.
Arbeidet med tur-og sykkelløypa på Lina er godt i gong og førebels går arbeidet etter planen. Anbod på skilting saman med Åmli kommune er gjort. Det er og etablert eit samarbeid med Sykkel Telemark, og tur-og sykkelløypa på Lina vert ein del av sykkelrutene som vert presentert på denne nettstaden. Det vert og skilta med logoen til Sykkel Telemark langs heile Lina, til Åmli sentrum. Nissedal kommune er med i nettverket Sykkel Telemark. Ferdigstilling av løypa er utsett til vår 2020, då prosessen med skilting tar meir tid enn fyrst antatt.
- Høgt fokus på å løyse oppgåver knytt til flyktning på tvers av einingar, slik at tenesten som blir gitt blir så god som mogleg.
Det vert jobba mykje med tilrettelegging av arbeidspraksis i samband med Amo-kurs i regi av NAV. Det er og generelt høgt fokus på språkpraksis og arbeidspraksis. Ein føler at det er godt samarbeid med kommunen og privat næringsliv. Språkpraksis og arbeidspraksis er oppgåver som må jobbast med kontinuerleg, og som er svært viktig for at deltakaran skal lukkast etter introduksjonsprogram. Det har og blitt etablert kontingentkasse i kommunen. Dette er eit tiltak for å minske ulikheitar i samfunnet, og sikre at alle born har minst ein fritidsaktivitet å gå på. Det er flyktningkonsulent Kristin P Vågen som har fått i oppgåve å sakshandsame søknadar om støtte til fritidsaktivitet.

- Gjennomføre kulturminneplan
Det har ikkje vore tid til å starte på kulturminneplan. Arbeidet planleggast bli starta på i haust.
- Fokus på folkehelsetiltak i planlegging av arrangement og aktivitetar. Høgt fokus på samspel mellom dei ulike einingane og dei frivillige.
Det er høgt fokus på folkehelsetiltak i kommunen, og kultur er med i planlegging av mange av desse. Topptur Nissedal starta 1. april, og har slått svært godt an, både av fastbuande og hyttebuande. Det er til no delt ut ca 235 t-skjorter og det er behov for etterbestilling på 100 t-skjorter til, og det er før fristen har gått ut, 24. september. Det er auke av deltakande, mot i fjor, som det vart delt ut 250 t-skjorter.
Det har og vore dansetrening og fysisk aktivitet for mellomtrinn og ungdomstrinn, samt kulturskuletimen med dans for 1. – 4. klasse.
- Legge til rette for eit etablert samarbeid med frivilligsentralen, med fokus på magasinet 60+.
Dette arbeidet har ikkje starta, då magasinet har hatt for mykje å gjere. Vil ta dette opp att i 2020.
- Kulturveld med utdeling av kulturprisen for 2019.
Planlegging av kulturveld er starta og formannskap har bestemt kven som skal få prisen. Kulturveld vert 26. oktober.
- Gjennomføre undersøking/kartlegging blant pensjonistane i kommunen i høve til kommunale tilbod dei saknar/ønskjer seg. Frivilligsentralen/eldrerådet vert invitert til å delta i dette arbeidet.
Dette arbeidet skal gjerast i haust.
- Prosjektering av klatresenter lokalisert i lokstallen. Prosjekteringen vert finansiert av eksterne midlar.
Prosjektering av klatresenter i lok-stallen er godt i gong. Firmaet Faun i Fyresdal har tatt på seg oppgåva. Det er i tillegg søkt om midlar frå fylkeskommunen til prosjektering av uteområdet og sentrum med tanke på folkehelse, fysisk aktivitet og universell utforming, som kan utvide prosjektet. Om det vert tilsagn på dette, veit vi ikkje enno.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innanfor eige fagområde.
Kultur har vore på tilskuddsportalen-kurs, og ein jobbar med å få oversikt på søkbare midlar innanfor kultur, idrett og integrering, blant anna.
Ungdomsklubben har søkt på midlar til radiostyrte bilar i Frifond, og fått 20.000,- til dette. Flyktingtenesta har søkt på tilskot 1 og tilskot 2 frå Imdi, av 14søknadar, er 14 innvilga, dette utgjer ein total sum på ekstra tilskot på kr. 3.511.000. Dette er midlar som er utanom integreringstilskot.
Det er også søkt på spelemedalar til tur- og sykkelløype, trimpark og kunstgrasbane.
Det er søkt fylkeskommunen om tilskot til å projektere uteområdet i sentrum i ein samanhengande plan som skal binde saman Tur-og sykkelløype, Sommarsletta og sentrum til eit attraktivt, folkehelsefremjande og universelt utforma sentrum.
Biblioteket har søkt på midlar frå fylkeskommunen til prosjektet, «Telemark les Ibsen» og fått 8.000,- til dette.

Fritidsklubb

Fritidsklubben er open 2 dagar i veka, og skal vere inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år i heile kommunen. Ungdommen skal i stor grad vere med å utforme aktivitetsinnhaldet.

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

- Ein ser at arbeid med integrering er svært viktig i ungdomsklubben. I 2019 vil ein ha eit spesielt fokus på dette gjennom ulike aktivitetar.
Ungdomsklubben har vore ope laurdagar i vår. Dette har vore eit ekstraordinært tiltak for å gje ungdommen i kommunen ein møteplass i helger. Til saman var det ope 16 laurdagar. Tiltaket vart sett i verk for å prøve å stanse ein aukande alkoholbruk og festekultur blant ungdommen i kommunen. Ein er svært nøgd med korleis tiltaket har blitt brukt og det er ikkje registrert alvorlege hendingar i tidsperioden. Dette tyder på at det er behov for ungdomsklubb på laurdagar, og ein trygg, rusfri og god møteplass for ungdom i kommunen. Det vert lagt inn i 2. tertial ynskje om utviding av tilbodet til også å gjelde haust etter vedtak i politiråd 27. september.
- Fritidsklubben open kvar fredag og tiltaket blir evaluert før årsskifte.
Ungdomsklubben er godt besøkt på fredagar og, ca same oppmøte som laurdagar. Dette viser at det er viktig med etablerte møteplassar for ungdom.

Kino

I samarbeid med Bygdekinoen er det kinoframsyning kvar 14.dag i kinosalen på Fleir brukshuset. Det er Bygdekinoen som bestemmer programmet og har bilettinntektene, så kommunen si oppgåve er å legge lokale til rette og profilere kinotilbodet.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Ein ynskjer å ha meir fokus på å reklamere for bygdekinoen og få enno fleire til å gå på kino
Det vert hengt opp plakatar, og lagt ut god informasjon på kommunens FB.

Bibliotek

Nissedal folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek lokalisert saman med Nissedal ungdomsskule. Det er ope for publikum 2 dagar i veka, medan skulen kan nytte det ved behov. Dagsaktuell litteratur, enkeltarrangement og god profilering er tiltak for å nå mål om å vere eit samlingspunkt for stimulering til leselyst i alle aldrar. Biblioteket skal delta aktivt i tverrfagleg arbeid saman med barnehage og skule.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Satse på biblioteket som ein naturleg samlingsstad for kommunens innbyggjarar i tråd med lov om folkebibliotek.
Biblioteket har etterkvert blitt ein samlingsstad for born og ungdom etter skuletid på måndagar og onsdagar. Dei nyttar biblioteket til å gjere lekser på, lese/låne bøkar og spele spel. Biblioteket fungerer svært godt som ein integreringsarena for desse borna. Biblioteket er generelt godt besøkt. Det har og vore godt motteke å ha laurdagsope tilbod. Det var ope 11 laurdagar i vår, og frå 28. september vil biblioteket vere laurdagsope 9 laurdagar fram til jol. Dataar vert publisert på heimeside og FB.
- Nytte seg av ulike støtteordningar for å sjå på moglegheit for å styrke biblioteket fagleg og på opningstid.
Det vart søkt om støtte frå Buf Dir til å styrke biblioteket som ein integreringsarena, men søknaden vart ikkje imøtekomen. Det er søkt og innvilga midlar frå Telemark fylkeskommune i prosjektet Telemark leser Ibsen.

Spelemidlar – kommunalt tilskot

Gjennom tett samarbeid med idrettsrådet skal kommunen kvart år prioritere spelemiddelsøknadar som kjem inn. Dette skjer gjennom å rullere handlingsdelen i kommunedelplan for idrett og friluftsliv kvart år.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom søkerar på spelemidlar i kommunen og legge til rette for ein god og berekraftig anleggsutbygging.
I år vart det sendt inn 5 søknadar om spelemidlar frå Nissedal kommune. Det vart tildeling på leirduebane i Treungen og trimpark i Kyrkjebrygda . Kunstgrasbane i Treungen, driftingbane på Nidlev arena, tur-og sykkelløype på Lina vart godkjende men fekk ikkje tildeling. Desse må søkje på nytt neste år. Alle svært gode tiltak som vil styrke kommunen på tilrettelegging av fysisk aktivitet og trivsel, både for fastbuande og hyttebuande.

Ålmenne kulturtiltak/arrangement

Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken (DKS). Dele ut prosjekt- og kulturmidlar med fokus på barn og unge.
Enkelt-arrangement.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Kulturarrangement i Fleir brukshuset, ha som mål å ha 2 større kulturarrangement i tillegg til fleire små arrangement i løpet av 2018.
Det har det blitt arrangert UKM og teater om Rui-jentene og i haust vert det kulturveld 26. oktober.
- Legge til rette for arrangement for eldre og born i barnehagen gjennom å legge til rette for det og nytte midlar frå Fylkeskommunen til dette føremålet.
Det har blitt gjennomført framsyning for barnehage, seniorkino med filmen om Amundsen og seniorteater om Rui-jentene. Barnehageframsyningar er i samarbeid med barnehage, som bestiller framsyningane, og seniorarrangement er i samarbeid med frivilligcentralen.
- Gjennomføre kulturveld og dele ut kulturprisen.
Kulturveld er planlagt 26. oktober.
- Markering av 100-års jubileum av Tveitsund bru, i samarbeid med historielaget.
Markering av Tveitsund bru var planlagt i september, men no utsett då det var same dato som dyrskuen.

Kulturvern og –samlingar

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Starte arbeidet med Kulturminneplan?
På grunn av stort arbeidspress har ein ikkje kome i gang med kulturminneplan. Har som mål å starte arbeidet i haust.
- Jobbe meir aktivt for å marknadsføre bygdebøkene kommunen har for sal.
Det bør jobbast meir med marknadsføring av bygdebøkene

Kulturskule

Kulturskuletimen vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einskilde elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule. Kulturskulen skal arrangere minst 2 konserter i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med. Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Ha 2-3 konserter i 2019, med fokus på at alle er med og alle føler meistring ved å framføre noko.
Det har blitt arrangert UKM og stor konsert 1. mars, der dei fleste elevane i kulturskulen deltok og årets vårkonsert vart arrangert 12. juni. Dei neste konsertane på planen er jolekonserter i desember.
I haust startar vi opp med kunstfag som eit tilbod i kulturskulen.

Ungdomsrådet

Nissedal ungdomsråd består av ungdom i kommunen, vald av ungdom.

Nissedal ungdomsråd fritidsklubben,,

Målsetting å konstituere nytt ungdomsråd saman med nytt kommunestyre.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Ungdomsrådet er etablert og har faste møtepunkt.
- Ungdomsrådet lagar eitt arrangement i samarbeid med ungdomsklubben
- Ungdomsrådet deltek aktivt i styringa av fritidsklubben.
- Ungdomsrådet får opplæring i lokaldemokrati og har uttalerett i nokon kommunale saker.

Flyktningetenesta:

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpe som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen. Spesielt må ein legge vekt på eit godt samarbeid med vaksenopplæringa.

Spesielle tiltak/endringar 2019:

- Jobbe med integrering av dei tre nye familiene som kom i november 2017.
Det vert jobba mykje med språkpraksis og integrering, det er fokus på at god integrering skjer gjennom arbeidstrening og frivillig aktivitet, i tillegg til fokus på å lære språk. Det vert og lagt ned mykje arbeid i å søkje om tilskot 1 og 2.
- Jobbe for at vi har ei god integrering i kommunen
Telemark Idrettskrets tok initiativ til å etablere kontingentklasse i kommunane i Telemark med midlar dei sökte om frå Gjenhsidigestiftelsen. Det vart innvilga 60.000,- frå idrettskretsen, og 60.000,- frå Nissedal kommune, til å etablere kontingentkasse. Føremålet med dette tiltaket er at alle born i kommunen skal kunne ha minst ein aktivitet å gå til, uavhengig av økonomi i familien. Dette gjeld alle born i kommunen, ikkje berre born av flyktningefamiliar, men sakshandsamar til desse midlane ligg i flyktningetenesta. Integrering gjennom fritidsaktivitet er viktig for alle born i kommunen, og målsettinga med ordninga.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

- Kontingentkasse
Telemark idrettskrets tok initiativ til å etablere kontingentkasse i kommunar i Telemark med midlar dei sökte på frå Gjensidigestiftelse. Ut i frå kostratal, var det grunn til å ha ei ramme på tilskotsordninga i Nissedal kommune på kr. 120.000,-.
I kommunestyresak 6/19 vart det løyvd kr. 60.000,- til dette tiltaket, som den kommunale delen av potten. Denne summen skulle bakast inn i 1. tertial. Kommunen måtte og ha ein tilsett sakshandsamar, som vart flyktingekoordinatoren. Dei som melder opp behov for borna, er nøkkelpersonar rundt borna i kommunen, som miljølærar, fotballtrenar, kulturskule, eller andre. Tiltaket er starta opp og fungerer bra. Andre løyvingar gjort i 1. tertial:
- Leirduebane
Nissedal jeger og fisk sökte kommunen om tilskot til finansiering av Leirduebane på skytebanen i Treungen. I spelemiddelsøknaden mangla det kr. 15.000,- i finansiering for at søknaden skulle bli godkjend, noko Nissedal jeger og fisk ikkje klarte å finansiere. I søknad til kommunen, vart saka handsama i kommunestyresak 16/19, der det vart løyvd kr. 15.000,- som skulle bakast inn i 1. tertial. Tiltaket er gjennomført
- Laurdagsope ungdomsklubb:
Det vart sett i verk eit strakstiltak i vinter, då det vart meldt om ein aukande alkoholbruk og festekultur blant mindreårige ungdom i kommunen. Tiltaket var laurdagsope ungdomsklubb og nattkafe i samarbeid med kyrkja. Målsettinga med tiltaket var at ved å ha etablerte møteplassar med gode vaksenpersonar, ville ungdommen vele desse møteplassane i staden for festar med alkohol. Frå fyrste laurdagsopne ungdomsklubb og nattkafe, har det vore godt besøkt. I gjennomsnitt har det vore ca 25 ungdom på laurdagsope ungdomsklubb. Sidan tiltaket vart sett i verk som eit hastetiltak, var det ikkje budsjettert og hadde ikkje eit politisk vedtak. Kostnaden på tiltaket for kultur sin del, var på ca 50.000,-, som vart kompensert for i 1. tertial. Tiltaket er gjennomført
- Flyktingetenesta, halde fram styrka stillingsressurs
På grunn av sort arbeidspress i flyktingetenesta, har det over lengre tid vore styrka stillingsressurs med 20% på flyktingekoordinator og programrådgjevar. Desse har i utgangspunktet 70% og 30 % stilling, og har no jobba 90% og 50% stilling. Det har vore, og er heilt naudsynt, då ein har hatt mange kandidatar i introduksjonsprogrammet å følgje opp og ulike problemstillingar å ta omsyn til. Hjelpebehovet til familiane vi har i kommunen vil ikkje bli redusert det neste halve året, og det er naudsynt å halde fram slik ein har gjort til no.
Kostnad: kr. 132.000,- frå juli til desember.
Einingsleiar for kultur har svært mange ulike oppgåver, og har fått flyktingetenesta i tillegg. Denne våren har det blitt skrive ekstra timer, då tida ikkje har strekt til på 70% stilling. Det er mange oppgåver knytt til flyktingetenesta, i tillegg er det store oppgåver i kultur generelt.
Det er eit stort behov for vidare ekstra stilling ein dag i veka, 20% stilling
Kostnad: kr.160.000. Tiltaket vert gjennomført
- Tiltak arbeidspraksis Strikkeopplæring
NAV gav 2 deltakarar i introduksjonsprogrammet i vinter tilbod om AMO-kurs. Deltakarane gjennomførte kurset i Tokke, og resultat for den eine deltakaren, var moglegheit for å kunne jobbe for eit garnfirma i fylket med å strikke genserar. For å kunne gjere dette, måtte deltakaren ha opplæring. I samarbeid med frivilligentralen, NAV og flyktingetenesta, vart det sett i verk eit opplæringsløp på 4 mnd. Sidan det har blitt søkt mykje midlar frå Imdi, vart det bestemt at tiltaket vart sett i verk straks. Tiltaket skal finansierast av sökte midlar og det er behov for styrking av ramma til flyktingetenesta med kr. 40.000,- midlane skal nyttast til tilsetting av person som skal lære opp. Tiltaket er gjennomført
- Sykkel Telemark, miniguide.

Nissedal kommune er no med i prosjektet Sykkel Telemark i regi av Fylkeskommunen i samarbeid med aktørar som Visit Telemark. Sykkel Telemark skal profilere Telemark som sykkelfylke nr 1, og ynskjer å tilby fylket med sykkelopplevelingar for ein kvar smak. I Nissedal har ein fantastiske mogleitarar for sykkel, og no får ein snart ferdig tur og sykkelløypa på Lina. Denne ynskjer Sykkel Telemark svært gjerne å ha med som ein del av turane dei tilbyr på nettstaden www.sykkeltelemark.no. Logo for sykkel Telemark skal skiltast på traseen frå Treungen til Åmli, og ein kan gå inn på nettstaden for å hente ut informasjon og kart på løypa. Informasjon og kart vert laga med ein lik mal for alle turar, på norsk og engelsk. Det er ynskje om å bruke konsulenten Siri Hafnor på denne oppgåva. Det er ho som har utarbeida malen. Det er ynskje om at dette er klart når løypa er klar i haust.

Kostnad: kr. 10.000,- Vert gjennomført

- **Koketopp**

I vår vart koketoppen i Fleirbruks huset øydelagt ved eit uhell. Koketoppen er svært mykje brukt, til kantine på dagtid, og bading/ungdomsklubb på kveldstid.

Kostnad: kr. 15.000. Kjøpt inn og gjennomført

- **Laurdagsope ungdomsklubb:**

Det vart sett i verk eit strakstiltak i vinter, då det vart meldt om ein aukande alkoholbruk og festekultur blant mindreårige ungdom i kommunen. Tiltaket var laurdagsope ungdomsklubb og nattkafe i samarbeid med kyrkja. Målsettinga med tiltaket var at ved å ha etablerte møteplassar med gode vaksenpersonar, ville ungdommen vele desse møteplassane i staden for festar med alkohol. Frå fyrste laurdagsopne ungdomsklubb og nattkafe, har det vore godt besøkt. I gjennomsnitt har det vore ca 25 ungdom på laurdagsope ungdomsklubb. Tiltaket vart sett i verk som eit hastetiltak. Kostnaden på tiltaket for kultur sin del, var på ca 50.000,-

Kompetanseutvikling:

Eining for kultur har ikkje hatt tilsette i utdanningsløp.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i eining for kultur er på 2,5%: talet har gått ned frå 4,5% i 1. tertial.

Økonomivurderingar – Nye behov utfordringar:

Fortsetjing av laurdagsope ungdomsklubb:

I politiråd 27. september vart det gjort greie for gode resultat med laurdagsope ungdomsklubb. Det har ikkje vore alvorlege hendingar i ungdomsgruppa, og det har vore svært godt oppmøte. Det vart difor bestemt at ein ynskjer å halde fram tilbodet, og at ein vil søke dekning til dette i 2. tertial. Tilbodet med laurdagsope ungdomsklubb vil starte 21. september og vere fast kvar laurdag til og med 21. desember. Det skal vere eit samarbeid med kyrkja og nattkafe, der 3 av laurdagskveldane vert arrangert av dei. Kostnad for løn til to tilsette på jobb 11 laurdagar, vil vere kr. 33.000. Ein bed om ein løyving på 33.000,- til dette tiltaket.

Introduksjonsløn:

Det har ved ein feil blitt gløymd i utrekning på budsjett for introduksjonsløn, ein deltakar som flytta til kommunen i starten av 2019. Dette burde blitt oppdaga i 1. tertial, men ein såg feilen først no. Det har og blitt gjort nokon små endringar på tidspunkt for avslutta introduksjonsprogram, som gjer til at utgifta totalt er noko høgare enn fyrst føreset. Det er behov for ei løyving på full introduksjonsløn for eit for år for ein deltakar i tillegg til justering av budsjettet for endring av slutt på introduksjonsprogram. Introduksjonsløn er 2G pr deltakar over 25 år, og lengde på introduksjonsprogram er styrt av regelverk i introduksjonslova.

Ein bed om ei styrking av budsjettet med kr. 327.000

Kulturkveld:

Kwart 2. år er det utdeling av kulturpris og kulturkveld. Arrangementet skal i utgangspunktet dekkast innanfor ramma, men kostnaden på sjølve arrangementet har gått opp. Sidan dette er noko ein berre gjer kvart 2. år, ynskjer ein å ha ei fin ramme rundt arrangementet, med høg kvalitet på lyd, lys og underhaldning, i tillegg til matservering. Det har vore vanskeleg å dekke utgifter med inntekt på billett og få eigne midlar. Det har og vore eit prinsipp at billetten ikkje skal koste så mykje, sist det var kulturkveld kosta den kr. 150. Budsjettet på kulturkvelden er ca kr. 60.000 inkludert kulturprisen på kr. 10.000 og forventa inntekt med ein billettpolis på kr 150 er kr. 30.000. Ein bed om ei løyving på kr. 20.000 til kulturkveld.

Vidareføring av opplæring gjennom AMO-kurs:

Opplæring av deltakar i Amo-kurs held fram i eit svært godt samarbeid med frivilligcentralen. Det vert søkt NAV om tilskot til å dekke lønsutgifter.

Behov for elevplassar i kulturskulen

Det er mange på venteliste etter at opptak er gjort i kulturskulen i haust. Totalt er det 13 nye elevar på venteliste og 5 som ynskjer tilbod 2. Om ein skulle tilby dei 13 elevane som står utan plass, ville det utgjere ei stilling på 28% i kulturskulen. Med dei som ynskjer tilbod 2, ville det utgjere ei 38% stilling. Det er no 53 elevar i kulturskulen, så skal vi no starte opp kunstfag med intill 10 plassar, og det vert kulturskuletime for småtrinn.

3.10 Eining for helse og habilitering

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimspllassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om sosiale tenester

Helsepersonelloven

Folkehelseloven

Pasient og brukarrettighetsloven

Kommunehelselova

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eininga gir tenester etter "Lov om kommunale helse- og omsorgstenester" til innbyggjarane i Nissedal kommune.

Spesielle tiltak/endringar for 2019

- Revidere og utarbeide planar som er beskrive i planstrategi for Nissedal kommune.
Arbeidet med å ferdigstille planen «Habiliterings- og rehabiliteringsplan» er i gang.
- Kompetanseheving for tilsette i eininga og søke eksterne midlar til dette arbeidet.
Eininga har saman med eining for omsorg søkt Fylkesmannen om kompetansemidlar for 2019 og fått tildela kr 165.000.
Habiliteringstenesta frå sjukhuset i Telemark har vore på Kåsa og hatt kurs for alle tilsette i «Målretta miljørarbeid». Fleire tilsette har vore på eksterne kurs i relevante tema innan habiliteringsarbeid.
Det er ein vernepleiar som tok vidareutdanning som vart ferdig juni 2019. Ein assistent tek helsefagarbeider utdanning, som eininga dekkjer kr 20.000,-(kompetansemidlar frå 2018). Eininga har ein helsefagarbeidararlærling på Kåsa.

Tenesta for funksjonshemma

Tenesta er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Nissedal. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert tildela eller vedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa har eininga ansvar for dei personane i kommunen som har vedtak om støttekontakt, avlasting og BPA får det. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. Det er også eit lågterskel-tilbod til personar som treng det.

Spesielle tiltak/endringar for 2019

- Vurdere tenestetilbod til enkelte brukarar på Kåsa.
Dette arbeidet er påbyrja.
- Nye møblar på Mila aktivitetssenter.
Nye bord og stolar i stova på Mila er på plass.

Helseavdelinga

Dei kommunale helsetenestene etter kommunehelselova er organisert slik:

Legekontor : Legekontoret er bemanna med 2 legar, turnuskandidat, sjukepleiar og helsesekretær. Kontoret har ein avdelingsleiar i 40%, som også er leiar for resten av helseavdelinga.

Jordmorteneste : Jordmortenesta 25% stilling. Tenesta fylgjer opp alle gravide før og etter fødsel.

Fysioterapitenester : Nissedal kommune har til saman 180% fysioterapistilling. 80% er på driftsavtale og 100% er fast tilsett i kommunen.

Helsestasjon : Nissedal kommune har helsejukepleiar i 100% stilling. Helsejukepleiar har ansvar for skulehelsetenesta og helsetenester til barn og ungdom.

Friskliv/folkehelse : Nissedal kommune jobbar aktivt med friskliv. Det er ingen fast tilsette som arbeider bare med dette, men kommunefysiotapeuten har eit overordna ansvar for aktivitetane.

Psykisk helse: Tenesta har 160% stilling fordelt på to tilsette. Dei gjev tenester til vaksne og barn som trenger oppfølging i kortare eller lengre periodar.

Spesielle tiltak/endringar for 2019

- Halde fram med prosjektet " Arbeid mot rus " i psykisk helse.
Psykisk helse har ansvar for dette prosjektet. Psykisk helse samarbeider med andre einingar i kommunen og finn tilrettelagte oppgåver rusprosjektet kan arbeide med. Det er fleire brukarar som nytter seg av dette tilbodet.
Kommunen har søkt eksterne midlar frå Fylkesmannen og fått kr 382.000,- til dette prosjektet i 2019.
- Halde fram med prosjektet " Barn og unge – habilitering og rehabilitering".
Eit samarbeid med fleire einingar i kommunen. Fysioterapitenesta har ansvar for dette prosjektet.

- Vidareføre folkehelse prosjektet " Topptur Nissedal ".
Dette er eit flott folkehelsetiltak som vidareførast i 2019. Fleire ulike instansar samarbeider med dette prosjektet.
- Vidareføre kommunale aktivitetar til Nissedal kommune sine innbyggjarar.
Fysioterapeuten har Seniortrim kvar veke, organiserer og tilrettelegg for ulike turar i kommunen vår. Samarbeider også med Frivillighetssentralen
Det er stor oppslutnad på desse aktivitetane.
- Søkje eksterne midlar, som kan vidareføre påbyrja prosjekter.
Eininga fekk kr 400.000, til Habiliterings- og rebiliteringsprosjektet i 2018. Desse midlane er overført til 2019 og dette prosjektet skal ferdigstilla i 2019.
Eininga har søkt om midlar til «Styrking/utvikling av skulehelsetenesta» og fått tildela kr 350.000,-
Eininga har saman med eining for omsorg søkt eksterne kompetansemidlar for 2019 frå fylket og har fått kr 165.000 i tilskot.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

Eininga har eit samarbeid med skule og kultur for å auke ulike utfordringar blant ungdom på skulen og på fritida. Eininga har styrka skulen/psykisk helse med ein miljøterapeut på skulen frå habiliteringstenesta (Kåsa), frå mars til juni. Jobbar no med å finne alternativ til løysing, då det er endringar i tilsetjingstilhøve på Kåsa.

Kompetanseutvikling:

Ein vernepleiar har fullført vidareutdanning sommaren 2019.

Ein assistent tek utdanning som helsefagarbeidar

Einingsleiar har fullført vidareutdanning sommaren 2019

Avdelingsleiar for helse og avdelingsleiar for habilitering har byrja på vidareutdanning «Helseledelse» 2019/2020.

Sjukefråvær:

Eininga har eit lågt sjukefråvær, langtidsfråværet er på 4.6 %.

Økonomivurderingar – Nye behov utfordringar:

Legekontoret har eit mindreforbruk på løn, då kommunelegen har permisjon i 33% ut året 2019. Mindreforbruket vert nytta til å dekke:

- Utgifter knytt til legevakta og KØH (kommunale øyeblikkelig hjelp) i Arendal har auka kraftig. Det fører til ei auke på kr 250.000. Dette har vi ikkje tatt høgde for budsjettet 2019. Årsaka til denne auka er ei ending i den økonomiske «fordelings-nykelen».
- «Topptur» prosjektet koster ca kr 60.000,- Dette er midlar som ikkje lagt inn i budsjettet 2019, då dette tidlegare år er finansiert av folkehelsemidlar, som vart nytta i sin heilhet i 2018.

Det er for tidleg å sjå om inntektene/refusjonen på legekontoret er innanfor budsjettet, då dette varierer i løpet av året.

Frå 1.3.2019 har habiliteringstenesta sett inn ein miljøterapeut i ei prosjektstilling på skulen. Eininga vurderer om ein kan nytte tilskot «Styrking/utvikling av skulehelsetenesta» til dette prosjektet.

Tenesta for funksjonshemma har eit mindreforbruk på fastløn. Årsaka til dette er vakante stillingar. Dette har ført til auka vikar og overtidsbruk i tenesta. Vi dekker opp desse meirutgiftene med mindreforbruket.

3.11 Eining for omsorg

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har trygge helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimspllassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen trygge barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetsolva

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskriften for pleie og omsorg

Demensplan 2015

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for omsorg utfører tenestene i samsvar med kvalitetsforskrifta, som sikrar den einskilde brukar å vere med å bestemme korleis den daglege tenesta skal utførast.

Spesielle tiltak/endringar i 2019:

- Utrede løysinger for dagtilbud for demens (jfr demensplan 2020). Må ha drift innan 2020.
Er i gang med etablering av gruppe for å finne kreative løysingar for dette tilbodet. Vil og på ekskursjon til Kviteeid, som har kome langt i dette arbeidet.
- Vidareføre ordninga med aktivitetsvenn (AV).
Har totalt hatt 4 nye møter i August og planlagt eit rekrutteringsmøte på Frivilligsentralen 12. September med evt påfølgande opplæring seinare på året. Vi hadde og eit samarbeidsmøte med legekontoret før sommaren som var veldig positivt og skal føre til meir samarbeid for å finne aktuelle brukarar til AV, men og for å finne brukarar til dagtilbod for demente.
- Fortsette arbeide for å halde sjukefråveret for heile eininga på 7% eller lågare.
Sjukefråværet 1. kvartal var på 2,52 %, Sjukefråværet 2. kvartal var på 4,58%.
Sjukefråværet har til nå vore veldig lågt i Omsorg, noko som er kjempebra og tydar på at tilsette trivs og held seg friske
- Styrke avdelingsleiarnes kompetanse
Dei to avdelingsleiariene som byrja på leiarutdanninga i fjor vart ferdige i juni 2019 og besto. Avdelingsleiar på Skjerma byrja på same leiarutdanninga i August 2019, med tilskot frå fylkesmannen.

- Utred behov for omsorgsbustader, og alternative løysinger innen for bu og aktivitetstilbod.
Planlegging av 4 nye omsorgsbustader godt i gang og planleggjast ferdigstilt i 2020. Har hatt møte med Arkitekt og teknisk i vår. Er utforma teikningar til 4 nye omsorgsbustader som skal ligge parallelt mot dei etablerte omsorgsbustadane vi har frå før på NOS, slik at dei får eit felles tun. Nytt byggemøte i september og planen er at omsorgsbustadane skal stå ferdige i løpet av 2020.
- Implementering av mobil omsorg som EPJ system og som plattform for velferdsteknologi.
Mobil omsorg er implementert nå og brukast av både heimesjukepleia og heimehjelp. Som velferdsteknologiplattform vert det mest sannsynleg vald andre løysingar i samarbeid med dei andre Vest – Telemark kommunane.
- Utred behov og iverksetting av alternative velferdsteknologiske tilbod, og delta i vest – Telemark samarbeidet på området.
Nissedal har med Omsorgslseiar som representant i styringsgruppa. Skal ha 1. møte i september 2019.
- Føre vidare ordninga med interkommunal pårørandeseskule for pårørande til personar med demens i eit samarbeid med Vest-Telemark kommunane.
Samarbeidet eksisterer framleis
- Ny rehabilitering- og habiliteringsplan sluttføres i samarbeid med helse.
Helse- og habilitering har hovudansvar her
- Utred mulighet for å drifta eigen KAD seng ved Nos.
Har ikkje moglegheit til dette enda pga legeuttrykkingstid og kompetanse.
- Arbeide med leiarstruktur
Leiarstrukturen er drøfta på leiarnivå. Einighet om dagens ordning fungerer og vidareførast. Gjennomført.
- Innføre kvalitets- og avvikshandteringssystem
Det er kjøpt inn elektronisk avvikshandteringssystem i kommunen, Compilo. Omsorg har byrja å overføre kvalitetsprosedyrar frå kvalitetssystemet til Compilo. I tillegg må det finnast løysingar for å overføre avvik frå pasientjournalen til Compilo for vidare behandling. Reknar med at tilsette vil bruke Compilo til HMS avvik i løpet av 2019.
- ROS analyser avdelingsvis.
Avdelingane er utfordra på avdelingsmøter og elles å tenkje igjennom kav som er risiko i kvar avdeling. Reknar med å gjennomføre ROS analyser i avdelingane i Oktober 2019 og at dei vil danne grunnlag for beredskapsplaner for eininga.
- Arbeide med rekruttering →lage ein rekrutteringsplan
Arbeidet er i gang, og vil bli prioritert vidare i 2019. Vil prøve å sjå denne i samanheng med avdelingas kompetansebehov, Slik at det vert både ein kompetanse og rekrutteringsplan.
- Arbeid med velferdsteknologi prioriterast høgt.
Alle tryggleiksalarmane er skifta ut til digitale alarmar. Dette gjer det mogleg å nytte velferdsteknologiske løysingar mot desse nye alarmane. Ein kan tenke seg døralarmar som varslar at ei utgangsdør vert opna på natt, medisindispensarar som varslar dersom ikkje medisinane vert tatt til riktig tidspunkt osv.
I tillegg vil fleire tilsette gjennomføre Velferdsteknologiens ABC som gjer at vi vil være betre rusta til å ta i bruk teknologien.

Administrasjon/tenestekontor:

Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om omsorgstenester, tryggleksalarmer og hjelpemiddlar. Det er omlag 180 aktive brukarar som har hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral. Vidare syter tenestekontoret for ein del interne system og rutinar, spesielt innanfor datasikkerhet og personvern, internopplæring, kvalitetssikring og avvikshandtering.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- I 2019 vert dagens bemanning på 2,0 årsverk på tenestekontoret vidareført.
- Nav hjelpemiddelsentral krev at kommunane overtek meir og meir av oppfylgingsansvaret i høve til hjelpemiddel som brukarar har fått i heim, skule, på arbeidsplass og til fritidsaktivitetar. Dette er eit ressurskrevjande arbeid og krev årleg oppdatering/kurs og tett samarbeid med hjelpemiddelsentralen. Tenestene er på tvers av einingar, krusene tærer på eining for omsorg sitt kurs budsjett, dette bør tas høgde for ved prioriteringar.

Institusjonstenester:

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids - og langtidsopphold (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphold og 2 korttidsplassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter eigne kriteria. Opphold i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet.

I tillegg til pasientar frå eigen kommune kan Nissedal kommune også gje institusjonsplass til personar frå andre kommunar, både gjennom samarbeidsavtale i Vest-Telemark, og etter behov frå andre kommunar. Dette under føresetnad av at eigne innbyggjarar sin rett til omsorgstenester kan imøtekoma og at det ikkje gjev meirkostnadar for eininga.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.
Har satt fokus på KS-læring som base for elæringskurs på NOS. Vi har overtatt NAV sitt Videokonferanseutstyr og har det i drift på NOS. Dette vil gje moglegheit for fleire tilsette ved NOS å heve kompetansenivået uavhengig av yrkesgruppe.
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus
Er innført, men manglar full implementering som verktøy, fokus vidare.
- Gjennomføre vergekurs for alle tilsette ved skjerma avdeling
Ikkje gjennomført enda.
- Vurdere drift av eigen KAD plass

Heimebaserte tenester:

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfylging dersom tryggleksalarmer vert utløyst. Hausten 2017 er det 28 personar som har tryggleksalarm. Heimebaserte tenester må kontinuerleg tilpassast variasjon i tenestebehov, talet på pasientar og reiseavstand, men slik at alle personar får den hjelpa dei har krav på. Hausten 2017 er det 64 personar som er tildelt ulike heimetenester og 45 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp)

Det er aukande behov for tenester blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.
Har satt fokus på KS-læring som base for elæringskurs på NOS. Vi har overtatt NAV sitt Videokonferanseutstyr og har det i drift på NOS. Dette vil gje moglegheit for fleire tilsette ved NOS å heve kompetansenivået uavhengig av yrkesgruppe.
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus
Er innført, men manglar full implementering som verktøy, fokus vidare

Serviceavdelinga:

Reinhald, vaskeri og kjøkken knytt til omsorgstenestene er organisert i eiga serviceavdeling. Kjøkken har også sal og administrering av utkøyring av middag til heimebuande (etter vedtak). Hausten 2017 er det 20 personar som får køyrd middag heim. Dette er ikkje eit lovpålagnad tilbod, men er svært viktig m.t.p å førebyggje underernæring hos personar som bur heime.

Kompetanseutvikling:

2 Avdelingsleiarar som går på vidareutdanning i Helseleiing, ferdig til sommaren 2019
Planlagt at ny tilsett Avdelingsleiar på skjerma avdeling byrjar på same utdanninga hausten 2019.

9 tilsette vil gjennomføre Velferdsteknologiens ABC i løpet av haust 2019 og våren 2020, noko som vil være med på å styrke satsinga på velferdsteknologi i åra som kjem.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet på NOS var 2,5% 1.kvartal 2019 og 4,58% 2. kvartal noko som er veldig bra

Økonomivurderingar – Nye behov utfordringar:

Underdekning pga forskotering av sjukefråvær:

Budsjettet til eininga har i fleire år vore bygd opp med ei forskotering av sjukepengar. Det vil seie at ein legg til grunn at ein ikkje tek inn vikarar fullt ut ved sjukdom. I budsjettet for 2019 vart det lagt inn kr. 846.000 i forskotering av sjukepengar. Dette vart gjort på grunnen av at sjukefråværet i 2018 var høgare og at det når budsjettet vart lagd var kome inn betydelige summar i sjukepengar. I 2019 har sjukefråværet hatt ei positiv utvikling og har i snitt for 1. og 2. tertial vore 3,5%. Dette låge fråværet gjer til at sjukepengar så langt i 2019 berre utgjer kr. 236.000. Ein får då store utfordringar med budsjettdekning som er tenkt gjennom å halde igjen på vikarbruk. Til samanlikning vart det i heile 2018 motteke Kr. 1.121.000 i sjukepengar og ein klarte då å kome i balanse i lønsbudsjettet. Året 2018 var og prega av låg beleggsprosent på sjukeheimen slik at ein ikkje trengte å leige inn vikarar på alle vaktene som vart ledige pga sjukefråvær. Men i år er dette svært vanskeleg når fråværet og sjukepengar er kome ned på det nivået ein til nå har hatt i 2019. I tillegg er beleggsprosenten høgare for 2019. Denne underdekninga utgjer omlag Kr. 650.000,-

Auka kostnadar ved bruk av vikarbyrå, opprettning av nattevaktsteam samt utviding av tilbod:

Bruk av vikarbyrå ved opprettning av nattevaktsteam jfr formannskapsak PS 43/19, fekk større kostnadar enn forventa. Kostnadar ifbm påske og mai vart ikkje godt nok kartlagt og i tillegg var det fleire kostnadar rundt opplæring i prosjektet som ikkje var tenkt på. Ekstra kostnad: Kr. 100.000,- I tillegg må vi auke tilbodet med 1 ekstra time pr. natt i ein periode framover med virkning i 3 mnd i 2019. Ekstra kostnad: Kr. 35.000,-

Matbudsjettet:

Matbudsjettet for 2019 blir for snaut med Kr. 420.000,-. Det har vært underbudsjettet i flere år og rekneskapstala for 2017 endte på Kr. 498.000,- og for 2018 Kr. 480.000,-. 2018 var eit år med lavt belegg på institusjon særleg fram til August 2018, og likevel vart talet Kr. 480.000,. I 2019 er belegget høgare og kostnaden vert mest sannsynleg høgare. I tillegg har matprisane steget veldig mykje og er blant dei varegruppene som har hatt størst prisvekst dei seinare åra. Middagstidspunktet vart flyttet i 2017 fra kl. 13.00 til kl. 15.30 noko som har gjort plass til eit ekstra måltid kvar dag i vekene. Dette gjer at det går meir mat totalt sett, noko som ikkje tatt omsyn til i budsjettsamanheng. Reknar med at budsjettet må opp til Kr. 500.000,, for at det skal halde i år, på bakgrunn av opplysningar om kostnadene i 2017 og 2018 og forbruk til nå i 2019. Ekstra kostnad Kr. 80.000,-

Ombygging av grovkjøkkenet i kjellar:

Det vart for 2019 budsjettet satt av Kr. 80.000,- til ombygging av grovkjøkkenet til NOS, som ligg i kjellaren. Det var i budsjettsamanheng ikkje tenkt på at desse pengane berre gjaldt innkjøp av nytt inventar tilpassa den plassen grovkjøkkenet ligg i dag, og ikkje tatt med kostnadene til ombygging, rørleggar/elektrikar osv. Ombygginga er derfor ikkje gjennomført pr. dags dato. Noko som frustrerer dei tilsette på kjøkkenet og vernetenesta er heller ikkje nøgd.

Her vert det skore opp brød, skrelt poteter osv. Grovkjøkkenet har vore i søkelyset ei stund pga problem med å oppretthalde god nok hygiene samt arbeidsforhold generelt. Grovkjøkkenet er ikkje avstengd og ligg i eit ope landskap der trafikk med smittefarlege hjelpemidlar passerar tett forbi, då hjelpemiddellageret ligg i same avdeling lenger inne. I tillegg er det og anna trafikk med personell som tar ting ut og inn frå andre lager i samme område. Inventaret i grovkjøkkenet er gammalt og lite tilpassa dagens krav til å oppretthalde hygiene og gode arbeidsstillingar.

Vernetenesta truar nå med å stenge grovkjøkkenet inntil ombygginga er gjennomført eller å legge ned forbod mot anna trafikk.

Ekstra kostnad Kr. 70.000,- (stipulert av avdelingsleiar på teknisk)

3.12 Eining for teknisk drift

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og rent vatn til vanleg hushald utan driftsavbrot.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomstar til/fra fylkeskommunalt/staleg vegnett.
- Dei myke trafikantane ivaretakast særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpende arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og friviljuge organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

- Plan for kriseleiing og beredskap
- Handlingsplan for trafikksikring 2015-2016
- Klima- og energiplan for Nissedal kommune 2010-2015
- Drikkevassforskrifta
- Forureiningsforskrifta

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Tekniske tenester omfattar både interne tenester i organisasjonen og diverse tenesteyting ut mot publikum. Dei viktigaste tenestene er nemnd under.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Gjøre ei utgreiing om å samle heile eining for Teknisk drift på ein stad.
Det jobbast fortsatt med å sjå på ei slik løysing i samband med utbygging av ny brannstasjon. Ein skal i løpet av hausten vurdere kostnadene på oppussing av rutebilstasjonen kontra heilt nytt bygg.

- Kartlegge tilstanden på bilane som nyttast av eining for teknisk drift, det er fleire av desse som bør vurderast bytta ut. Vurdere om det lønner seg å lease eller eige.
Det er gjort ei utgreiing av bilane på teknisk, og det er mykje som begynner å bli gamalt. Eininga vil i løpet av hausten kjøpe inn ein ny bil på teknisk, det må vurderast kva for bil ein skal ha, ein må ha i baktankane at ein skal inn med ein ny vaktmeister.
- Gjøre ei vurdering av behovet for å bytte ut traktor som eining for teknisk drift har.
Gjennom vinteren ser ein at dersom ein skal fortsette med den brøytinga/sopinga kommunen sjølv har ansvar for i dag, må mykje av utstyret oppgraderast Jobben krev mykje ressursar som eininga bør nytte til andre oppgåver. Det er henta inn tilbod frå Solberg AS. Summen var høgare enn ein hadde forventa og ein må gjere ei vurdering av om ein skal gå for dette tilbodet eller om ein skal nytte eigne ressursar og ruste opp utstyr. Ein har ikkje komme heilt i mål med vurderinga.

Utleigebustader

Kommunen har totalt 32 utleigebustader, der 19 tildelast etter Lov om helse og omsorgstenester (av tenestekontoret i eining for omsorg), og resten tildelast etter gjeldande reglement av eining for teknisk drift. Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.

Bustader som tildelast av eining for teknisk drift skal leigast ut etter gjeldande reglement, og det er eit mål at alle bustadene er leigd ut til ei kvar tid.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Vurdere om dei 2 leilegheitene i Oddane kan byggast opp igjen etter vasslekasjen. Når ein grov opp og drenerte rundt bustaden hausten 2018 så ble det oppdagat store vassmengder i grunnen under huset.
Det er fortsatt fukt i leilegheitene i sokkeletasjen og eininga vil ikkje pusse opp desse.
- Få ein oversikt over vedlikehaldsbehovet i alle bustadene.
Eininga har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre denne oppgåve i 2.tertial. Oppfølging av byggeprosjekt og anna akutte oppdrag tar for mykje tid.
- Vurdere å innføre depositum for leige av kommunale bustader.
Stor slitasje på kommunale bustader, gjer at eining for teknisk drift ynskjer at ein innførar depositum. Ein ynskjer å gjere leietakerane merir beivist på deira ansvar, samt at ein har moglegheit til å dekke inn nokon utgifter dersom ting har blitt øydelagt. På Øyvind har deltatt på eit møte arrangerat av KS vedrørande utleige i september. Det bør prioriterast å skrive ei sak på dette til kommunestyret i løpet av hausten.

Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, inst., kommunehus...)

Eining for teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (fdv) av alle kommunale bygg. Vernerundar og bygningsteknisk internkontroll skal syte for at alle bygg er i forskriftsmessig stand. God dialog med brukarane av kvart bygg skal syte for at bygningsmassa er tilpassa dei behov brukarane har, innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramme.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Få ein oversikt over vedlikehaldsbehovet i alle kommunale bygg, og setje opp prioriteringssletter med omsyn på vedlikehald.
- *Eininga har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre denne oppgåve i 2.tertial. Oppfølging av byggeprosjekt og anna akutte oppdrag tar for mykje tid. Men mange av bygga er prega av dåleg vedlikehald over fleire år, som vil resultere i store kostnadars.*

- Få ein oversikt over lovpålagte krav med omsyn på drift av kommunale bygg.
- Eininga har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre denne oppgåve i 2.tertial.
Oppfølging av byggeprosjekt og anna akutte oppdrag tar for mykje tid. Det må gjerast ein del tiltak for å oppfylle krava til brannsikring i fleir av bygga.
- Utgreiing i høve til oppgradering av uteområde/inngangsparti på omsorgsenteret.
Eininga har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre denne oppgåve i 2.tertial.
Oppfølging av byggeprosjekt og anna akutte oppdrag tar for mykje tid.

Andre bygg (NSB-eigedom..)

Kommunen eig ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi. Nokon av bygga vert leidt ut til næringsverksemd, nokon nyttast til lager og andre står ubruka. Utfordringa med dei fleste er at dei er dårlig vedlikehalde og står i fare for å miste sin verdi. Utvendig vedlikehald må prioriterast for å sikre bygga.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Få ein oversikt over vedlikehaldsbehovet i bygga, og setje opp prioriteringslister med omsyn på vedlikehald, inklusiv Nygård skulemuseum.
Eininga har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre denne oppgåve i 2.tertial.
Oppfølging av byggeprosjekt og anna akutte oppdrag tar for mykje tid.
Det er gjort utbetringer på lokstallen slik at den må kan nyttas av leidgetakerar igjen.
Pris på byting av vindauge på lokstallen vil få ein kostnad på 5-600 000, det er ikkje gjort nokon vidare vurdering av dette.
Saka om Nygård skulemuseum er delevis overført til eining for kultur, da eininga ikkje har kapasitet til å handtere saka. – usikker på om denne ble overført til kultur...
Fjonesundet kafé
Ein oppdaga vinteren 2019 at vassleidningen til kafeen ikkje ligg gunstig til med tanke på utløpet til avløpet. Ein må vurdere om ein bør bore ein brønn eller setje i verk tiltak for å sikre trygt drikkevatn til Fjonesundet kafé. I tillegg er det nytta ein del ressursar på å få det elektriske anlegget i bustaden slik at den igjen lovleg kan nyttast til bustad.

Grøntanlegg

Kommunen har grøntanlegg både knytt til bygningsmasse, parkområde og idrettsanlegg. Alle kommunale grøntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Kartlegge behov for rehabilitering/kva for tiltak ein kan setje i verk for å få bort løvetann på grasmatta på fotballbanen i Treungen.
Det er i løpet av andre tertial bygd ny kunstgrasbane og gjort mykje arbeid med grasbanen for å prøve å få betra grasmatta. Dette er gjort gjennom eit samarbeid mellom kommunen og idrettslaget.

Vegar og plassar

Kommunen har 24,5 km med kommunal vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard både sommar og vinter. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningslinjer.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Fullføre revidering av reglement i høve til kommunale/private vegar.
Eininga har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre denne oppgåve i 2.tertial.
Oppfølging av byggeprosjekt og anna akutte oppdrag tar for mykje tid.

- Utbetre erosjonsskadar på 3 kommunale bruer/kulvertar i Kåsa/Solli og 1 bru på Kleivvegen.
Eininga har ikkje hatt kapasitet til å starte på denne
- Lage ein oversikt over gateljos og behov for fornying av desse. Det begynner å bli ein del därlege armaturar og armaturar som er vanskeleg å få nye pærer til og pærene da i tillegg kostbare.
Eininga har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre denne oppgåve i 2.tertial. Det vil vere naturleg at uteavdelinga gjer ei vurderinga av dette i forbindelse med kontroll av gatelys i løpet av hausten.

Fjoneferja

Kommunen driv Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Gjennomføre møte med driftsoperatør av fjoneferja iht. avtale, i dette møte bør ein ha fokus på drift og vedlikehald av ferja.
Eininga må ha eit møte med drivar av ferja for å høre om erfaringane med drift av ferja vinterstid, samt drifta generelt.
Det ble gjort utbetringar rundt kaia på Fjone sia når Nisser var lågt i vår. Ein grov utmasse for at ferja skulle komme inn til kaia.

Kommunale bustadtomter

Kommunen har pr. nov. -18, ledige tomter (byggeklare) i Tveitsund bustadfelt (6 stk.) og i Kåsa-Solli (9 stk.).

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Prosjektere utbygging av kommunalt bustadfelt på Damkollen.
Entreprenør er i full gang med veg, vatn, kloakk etc. inn til det nye bustadfeltet. Det er ikkje selt nokon tometer.

Brann og ulykkeberedskap

Nissedal kommune er med i Vest-Telemark brannvernsamarbeid IKS . Dei er lokalisert i Høydalsmo og har ansvaret for tilsyn, feiing og det faglege ansvaret for brann- og ulykkeberedskap. I 2018 gjekk kommunen også inn i 110 Sør-Øst IKS, som nå har ansvar for utsalarmering av det kommunale brannvesenet. Kommunen har framleis ansvar for lokalt brannvesen med 16 deltids brannmenn.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- To nye brannkonstablar på grunnkurs.
Dei to siste brannkonstablane er nå i gang med grunnkurset og vil vere ferdig utdanna våren 2020.
- Utarbeide plan for korleis ein vil lukke avvik gitt av Arbeidstilsynet under tilsyn i 2016.
Det jobbast med saken, ein har gitt Arbeidstilsynet tilbakemelding på arbeid som har blitt gjort. Dei vil ikkje lukke avviket som gjeng på eksponering for farlege kjemikaliar – det krev tiltak i forhold til garderobar, rein og urein sone, ventilasjon ol. Rådmannen har fått i oppgåve og gjere ei utgreiing av kostnader ved å kjøpe rutebilstasjonen og bygge om denne kontra å bygge eit heilt nytt bygg. Konsulent med erfaring frå bygging/ombygging av brannstasjon er kontaktta og ein vil legge fram ny sak for kommunestyret i oktober 2019.

- Gjennomføre ei ROS-analyse med omsyn på Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen, for å dokumentere at ein oppfyller krava i forskriftera.
Eininga har ikkje hatt kapasitet til å starte på arbeidet i 2.tertial, men dette vil vere naturleg når ein starter opp arbeidet med ny stasjon for fult.

Vatn og avlaupsanlegg

Kommunen har ca.1250 vatn-abonnentar og 1.600 kloakk-abonnentar som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Gjennom gode rutinar for drift og internkontroll skal kommunen sikre eksisterande abonnentar god kvalitet på drikkevatn og sikre miljøet mot utslepp av kloakk. Nissedal kommune har sida 2015 vert vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia med Drangedal kommune.

Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevelling, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

Spesielle tiltak/endringar i 2019

- Arbeide aktivt med å skaffe nye abonnentar, spesielt knytt til overtaking av private vassverk på Kyrkjebrygdheia og Gautefallheia.
Det jobbast iherdig med å få til abonnentsavtalar på Fjonesida i forbindelse med utbygging av ny VA-ledning til Nissedal/Kyrkjebrygda. Ein har i 2.tertial jobba med avtalar til to nye hyttefelt på Gautefallheia – Kargerøåsen (Felehovet Sør) og Øverlandsheia.
- Registrere og utarbeide leidningskartverk for vass og avløpsnettet.
Dette er svært mangelfult på den eldre delen av ledningsnettet, samt at ein del ny dokumentasjon ikkje er lagt inn. Ein har nå sett i verk arbeidet med dette. Det vil vere driftsoperatørane som vil stå for hovuddelen dette arbeidet, samt at ein må leige inn hjelp frå planavdelinga for å få målt inn og lagt inn i kart.
- Utvide driftsovervakkingssystemet til å omfatte alle kloakkpumpestasjonane.
Det er i underkant av ti stasjonar som manglar driftsovervakking. Operatørane har satt opp prioriteringsliste på stasjonane som stend att. I tillegg er det eit par stasjonar som må byggast heilt om. Dei er utan overbygg og er såleis tungvinne å drifte og arbeidsmiljøet i dei er kritikkverdig slik dei er i dag.
- Utgreie/setje i verk bygging av nye hovudleidningar for vatn og avløp mellom Ånundsbuoddane og Kyrkjebrygda.
Prosjektet er i full gang, men kan bli forsinka med opptil ein månad. Dette skyldas hovudsaklig at ein kom seinare i gang enn berekna, som skyldes klage på tildeling og kontroll av prosjektera tykkelse på ledningen. Nissedal kommune som byggherre har gjort klart for entreprenør at det er svært viktig at kvaliteten på arbeidet som utførast ikkje går på bekostning av at ein er forsinka.
- Innarbeiding av ny drikkevannsforskrift (krav til planar, farekartlegging ol).
Det er utarbeida nye prøvetakingsprogram for alle vassverka iht. ny forskrift. Men det er mykje arbeid igjen før ein er i mål. Ein har ikkje hatt tid til å jobbe med den skriftelege delen av dette, men det er gjort mange tiltak for å auke tryggleiken.
- Kompetanseheving innan VA-området
Tre operatørar har gjennomført på Norsk vann sitt driftsoperatør kurs som gjekk over 3 veker.
- Iverksetjing/evaluering av ny vaktordning
Ny vaktordning fungerer bra, det er viktig å ha ei god ordning med så store anlegg som nå er i Nissedal og det er viktig å kunne serve alle kundane raskt om det er noe som er galt. Det er berre personell med god kunnskap til vatn og avløp som tek del i denne ordninga, og ein kan etter eit år si at det er korrekt ettersom dei fleste av problema som blir meldt inn er på vatn og avløp. Samt at ein stadig må inn å korrigere ting på driftsovervakkinga.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

Det jobbast med å følgje opp K-sak 2/18 om utbygging av vatn og avløp til Kyrkjebygdheia. Prosjektet er i full gang, men krev mykje oppfølging i forhold kontraktar og sjølve gjennomføringa.

Ombygginga av skuledelen ved kyrkjebygdheia oppvekstsenter – K-sak 10/19 er i gang. Dette krev også mykje oppfølging frå kommunen sin side. Eining for teknisk drift har byggelleiinga på prosjektet.

K-sak 70/18 - Ombygging av Fjone skule til barnehage er ferdig og ble gjennomført innanfor budsjettet. Teknisk hadde byggeleiringa på prosjektet.

Sak 18/19 - Vognskjul Treungen og Haugsjåsund barnehage, samt leikestativ Haugsjåsund. Her har politikrane sett av pengar, teknisk har henta inn anbud og begge vognskjula er i sluttfasen. Dei ble gjennomført av eksterne snekkerar. Når det gjeld uteområda så har det vert gjennomfør dugnad i foreldregruppa.

Saka om Utbygging av 4 nye omsorgsbustader i Treungen er tatt opp at, da ein ser at behovet for slike bustader er aukande. Det er gjennomført eit møte med arkitekt og sett på utforming og korleis ein kan plassere desse på best mogleg måte i forhold til NOS og dagens omsorgsbustader. Det vart i K-sak løyva 100 000,- til vidare prosjektering.

K-sak kor det vart løyva 100 000,- for å gjere i utgreiing om evt. kjøp og ombygging av Telemark bilruter sitt bygg vs nytt bygg er starta opp. Ein er nå i dialog med konsulent som har mykje erfaring på bygging av brannstasjonar. Saka vil bli langt fram for kommunestyret så fort ein har ein rapport klar.

Kompetanseutvikling:

3 driftsoperatørar har gjennomført Norsk Vann sitt 3 vekers driftsoperatørkurs for vatn.

Det er gitt utdanningsmidlar til to nye brannmenn slik at dei skal få tatt grunnkurset. Kurset er i gang og dei vil vere ferdig utdanna våren 2020.

Avvik i forbindelse med vernerundar brann – Vest Telemark brannvesen har over fleire år pålagt kommunen å gjennomføre ein rekke utbetringar i forhold til brannsikring. Dette har ikkje blitt gjort, og kommunen har nå fått klar beskjed om at utbetringane må gjennomførast.

Sjukefråvær:

Det totale sjukefråværet i første termin: 3,89%.

0,91% kortidsfråvær og 2,92 langtidsfråvær.

Eininga har hatt 1 tilsett som har vore langtidssjukmeldt i snart eit år. Fråværet er ikkje relatert til arbeid.

Arbeidsmiljøet ved eininga er svært bra, men det er alltid muligheter for forbetring.

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

Det har vert ein nedgang i leigeinntektene på kommunale bustader. Dette skyldast at ein ikkje har pussa opp at dei to leilighetane på Oddane, samt at ein ikkje har hatt kapasitet eller midlar til å pusse opp ein aldersbustad i Nissedal. Ein har i tillegg fått vasskader i ein bolig som er så store at ein må pusse opp heile leiligheta på nytt. Dette vert ei forsikringssak og takstmann har vurdert saka.

Aldersbustad Framnes 65 det vil koste 375 000,- inkl. mva til utbetring av etterslep på vedlikehald. Leilegheita er ikkje respektabel for innflytting av ny bebuar, den er veldig slitt og skitten. Leilegheita må totalrenoverast.

Smeitkollen 18 og 20 (Oddane) her vert det brukt 84 000,- i eit forsøk på å betre dreneringa rundt huset med tanke på å pusse opp leilegheitene igjen, den vert overført til driftsbudsjettet når ein avgjorde at ein ikkje skulle pusse opp leilegheitene igjen. I tillegg vil ein få ein kostnad på 80 000,- for å legge ny asfalt inn til dei to leilegheitene i øvre etg. ettersom den vart gravd bort i forbindelse med dreneringsarbeidet. Utleigebustadane skal vere universelt utforma og ny asfalt må leggast for å lettare komme fram med rullestol. Ein ber ei ekstra løyving på 160 000,- for å dekke inn dette.

I den eine av Prøvebustadane på Kåsa/Solli bur det ein rullestolbrukar. Inngangspartiet til bustaden er ikkje universelt utforma – det manglar rullestolrampe. Kommunen får ikkje tilskot til slik rampe ettersom bustaden skulle vært bygd universelt utforma. En ber om ein ekstra løyving på 50 000,-

Ein leilegheit i har fått store vasskader som følge av eit vassrør som har sprekt. Ein ber om ei ekstra løyving på 50 000,- for å dekke eigenandelen til forsikringa. Leilegheita vil bli totalrenovera.

Det var avsett 80 000,- til utbetring av grovkjøkkenet på NOS. Det viser seg å være for lite midlar i forhold til reell kostnad og ein vil ikkje starte opp jobben før ein har tilstrekkeleg med pengar.

Søppla på Tveit barneskule står i dag så langt vekk at vaktmeister må dra søppla ut til vegen for at IATA skal tømme han. Ein ber om ei ekstraløyving på 70 000,- til å bygge ein søppelbod nærare vegen slik at IATA sjølv hentar søpla.

Det er gjort utbetringar på det elektriske anlegget ved Fjonesundet kafé, samt nokre utbetringar på taket. Dette var investeringar Til nå har ein bruke ca.112 000,- men ennå står det att noko. Ein ber derfor om ei ekstraløyving på 150 000,-

Det er nytta 70 000,- til lydisolering av tre kontor i 2.etg. på kommunehuset. Dette var ikkje lagt inn i budsjettet og teknisk ber derfor om ei ekstra løyving for å dekke desse kostnadane.

Det er påløpt ein ekstra kostnad på 60 000,- på opprydding, reingjering og reparasjon som følge av takskaden på lokstallen i jula 2017.

I forbindelse med utbetring av grasmatta på idrettsbanen og etablering av ny kunstgrasbane har det blitt bruka 56 000,- ein ber om å få ei ekstra løyving for å dekke inn dette ettersom det ikkje var tatt med i budsjettet.

Den eine moppevaskemaskina har hatt fleire små reparasjonar det siste året og ein ble anbefala å bytte ut maskin. Ein har kjøpt inn ny maskin til 42 000,- og ein ber om ein ekstra løyving til å dekke denne ekstra utgifa.

På bakrunn av krav i regelverket om at alle offentlege anskaffingar skal leggjast ut elektronisk måtte ein gå til innkjøp av eit slikt program, ein ber om å få ei ekstra løyving på 50 000,- for å dekke desse kostnadane. Dette programmet må nyttast til alle offentlege anskaffingar kommune skal gjere.

Ein ber om ei tilleggsløyving på 40 000,- for å legge knust asfalt inn på den siste delen av vegen inn til industriområdet på bakgrunn av at vegen støvar mykje og dette er i stor ulempe for Z-museum.

Rekneskapen for dei 8 fyrste månadane av 2019 syner at drifta i hovudsak samsvarar med budsjett med nokre mindre avvik som går begge vegar.

SJØLVKOST:

Det er investert i 4 nye turbiditetsmålerear for å få ein betre kontroll med kvart av filtra som fungerer som ei av dei hygieniske barrierane ved vassverket. Det er også kjøpt inn ein manuell turbiditesmålar slik at ein kan kontrollere verdiar manuelt, samt å kontrollere at onlineinstrumenta viser korrekte verdiar. I tillegg har ein også kjøpt inn å installera ein online pH-målar på råvannet. Dette har gitt ein ekstrakostnad på ca. 400 000 inkl. endringar i driftsovervakinga.

Ved Treungen vassverk er det gjort ei endring ved legging av inntaksleidningen frå Nisser og inn til sjølve vassverket. Asplan Viak er kontakta i forbindelse med å sjå på løysingar som gjer at ein kan få ein varig løysing som gjer at vassverket klarer å levere dimensjonera kapasitet. Det er ein del utfordringar som må løysast om ein skal legge ny ledning. Ein har nå sett på ei løysing kor ein flytter ein fordelingskum inn i vassverket og sett på vassmengdemålerar til dei tre sonene som den forsyner – vil gi ei betre overvaking av nettet med omsyn på lekkasjar. Sette evakueringsanlegg på reserveinntaket som ein permanent løysing på den, da vil ein kunne nytte denne ledningen ved ombygging av hovudledning. Legge ny hovudledning som ligg så lågt som det i utgangspunktet var tenkt. Denne jobben må gjerast når Nisser er på sitt lågaste neste gong. Truleg vinter/vår 2020.

Det må byggast nye høgdebasseng både i Treungen og Nissedal. Dagens basseng i har innlekk av overflatevatn og er ikkje tilfredstillande. Bassenget i Treungen er også alt for lite i forhold til kva det skal forsyne. Dette er ei sak som eininga meiner må ha svært høg prioritet slik at vi leverer trygt og sikkert drikkevatn til abonnentane. Det er i verksett kloring av vatnet ut frå bassenga for å hindre bakteriologisk forureining av vatnet som følge av innlekk av overflatevatn. Kloringa vil halde fram til ein har nye basseng.

Ein må sjå på ei varig løysing for å opp kapasiteten på brønnen til Felle VV. Her har ein over fleire år sett at den kunstig laga brønnen i periodar gir for lite vatn i forhold til forbruket. Problemet kjem når vatnet i Fiskeløys synker under eit vist nivå. Ein ser også at brønnen ikkje lengre kan reknast som ein fullverdig hygienisk barriere og ein må også vurdere dette også når ein skal sjå på kapasiteten. I dag har vassverket berre ein prosessmessig hygienisk barriere (UV-anlegg) og klor i reserve. (i dag klorar ein vatnet på bakgrunn av at ein har hatt fleire indikasjonar på at ikkje den naturlege hygieniske barrieren fungerer).